Avskrivninger av utstyr, maskiner og transportmidler	2 886 624,00	Kjøp av aksjer og andeler	1 388 193,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	Oppskrivning av aksjer og andeler	0,00
Nedskrivning av aksjer og andeler	600 000,00	Utlån formidlings/startlån	4 321 722,00
Avdrag på formidlings/startlån	1 386 000,00	Utlån sosial lån	31 705,00
Avdrag på sosial lån	3 500,00	Utlån egne midler	0,00
Avdrag på utlånte egne midler	0,00	Utlån næring	750 000,00
Avdrag på næringsutlån	0,00	Oppskrivning utlån	0,00
Avskrivning sosial utlån	0,00	Avdrag på eksterne lån	22 588 133,00
Avskrevet andre utlån	0,00	Urealisert kursgevinst utenlandslån	0,00
Bruk av midler fra eksterne lån	141 808 217,00	UB Pensjonsmidler (netto)	51 042 165,00
Urealisert kurstap utenlandslån	0,00	Estimatavik pensjonmidler	0,00
UB Pensjonsforpliktelse (netto)	45 217 356,00	Reversing nedskrivning av fast eiendom	0,00
	2 999 631,00	Aga netto pensjonsmidler/forpliktelse	0,00
Estimatavik pensjonforpliktelse	0,00	Reversing nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00
31.12.2023 Balanse Kapitalkonto	288 641 875,28	31.12.2023 Balanse (underskudd i kapital)	0
Avstemming	288 641 875,75		
Differanse	-0,47		

Note nr. 3 – Vesentleg endring i rekneskapsprinsipp

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, c)

c) Det skal opplyses om vesentlige endringer i regnskapsprinsipp. Det skal også opplyses om vesentlige endringer i regnskapsestimater og om vesentlige korrigeringer av tidligere års feil.

- Grunnlaget for å belaste renter/finanskostnader på investeringsprosjekt i bygge/prosjektperioden i investeringsrekneskapen, fikk ny grense i 2022 og vil gjelde for prosjekt over 10 million kroner. Andre mindre prosjekt belastes løpande finanskostnader i driftsrekneskapen. Dette ligg til grunn for 2023 rekneskapen og.
- Sykkylven kommune har ikkje andre vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa i årsrekneskapen for 2023 i høve tidlegare år.

Note nr. 4 – Egedelar

Budsjett og rekneskapsforskrifta 5-11 , a)

Kommunen har 6 anleggsmiddelgrupper med tilhørande avskrivingsplan for dei 5 første.

Anleggsmidlar som har avgrensa utnyttbar levetid, vert å avskrive over den utnyttbare levetida til anleggsmiddelet. For anlegg som er aktivert per 31.12.23 er avskrivingsstida sett til maksimal avskrivingsstid i tablået under.

For anlegg aktivert i år 2023 er det gjort ei konkret vurdering av avskrivingsstid. Avskrivingsstida kan ikkje vere lengre enn:

Avskrivningane skal starte seinast etter at anleggsmiddelet er innkjøpt/teke i bruk.

	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Gruppe 6	SUM
Bokført verdi pr 1.1.2023	3 364 575	6 402 751	17 818 698	661 711 051	167 802 471	34 470 418	891 569 964
Årets tilgang	1 181 254	2 626 350	3 539 507	131 916 055	23 657 854	5 467 050	168 388 070
Årets avgang		-512 785				-30 000	-542 785
Årets avskrivninger	-1 103 522	-1 576 608	-1 528 432	-15 470 979	-4 465 965		-24 145 506
Årets nedskrivninger	-48	-20					-68
Reverseringar av nedskrivninger							-
Bokført verdi pr. 31.12.2023	3 442 259	6 939 688	19 829 773	778 156 127	186 994 360	39 907 468	1 035 269 675
Tap ved salg av anleggsmidlar	-	-	-	-	-	-	-
Gevinst ved salg av anleggsmidlar	-	-	-	-	-	-	-
Utnyttbar levetid, inntil	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år		
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Ingen avskr.	

Renter i byggetid aktiveres på prosjekt over 10 mill.

GRUPPE 1 = EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande.

GRUPPE 2 = anleggsmaskiner, inventar og utstyr

GRUPPE 3 = brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekn.anlegg

GRUPPE 4 = Buasteder, skular, barnehagar, vegar, idr.hallar, leidn.nett

GRUPPE 5 = forretn.-og lagerbygg, adm.bygg, sjukh./inst., kulturbygg

GRUPPE 6 = ikkje avskrivbare anleggsmidlar

Det er ikkje gjort større nedskrivningar eller reverseringar i 2023 utover ordinære avskrivningar. Balanseverdier på alle anleggsmidlar er vurdert pr 31.12. og det er ikkje funne grunnlag for større endringar.

Evt nedskrivninger og/eller avgang i bokførte verdier av gamle skuler- og barnehagebygg vert gjort gjennom 2024 når endelege politiske vedtak er gjennomført for kva som skal skje med bygg og tomt.

Note nr. 5 – Aksjar og lutar

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, b)

Selskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAFJ. IKS	20 %				200 000
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
ATTVIN AS	1,95 %				46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFT	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
PLUSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSESENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI			600 000		-
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					20 750 071
Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS	9,09 %				-
Interkommunalt Arkiv for MoR IKS	2,24 %				-
				SUM	86 051 595

Note nr. 6 – Finansielle anleggsmidler, samt utlån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, b/c)

Kommunen har ikkje finansielle anleggsmidler, jf Finansreglementet gjeldande pr.2023, som seier at kommune sin overskotslikviditet skal setjast i bank eller med tryggleik lik som for bankinnskot.

Sykkylven kommune har fylgjande på utlånssida:

Låntaker	Utlån (beløp)	Finansiert med egne midler	Finansiert med lån	Vesentlig tap
Storfjordterminal en AS	6 564 100	6 564 100		
Startlån	41 583 019		41 583 019	
Sosiallån	28 205	28 205		
Sykkylven Bustadselskap AS	750 000	750 000		

Note nr. 7 – Markedbaserte finansielle omløpsmidler

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, d)

Aktivklasse	Anskaffelseskost	Markedsverdi 1.1.	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Rentepapirer				
Aksjefond				
Aksjer				
Sertifikater				
Obligasjoner				
Sum	0			0 *

Derivat	Markedsverdi 1.1.	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Fra			
Kjøpt opsjon			
Solgt opsjon			
Osv.			
Sum	0		0

*Sykkylven kommune har ikkje markedsbaserte finansielle omløpsmidler

Note nr. 8 Renter

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11, e)

Finansiell eiendel (sikring)	Sikringsinstrument	Formål med sikringen	Sikringens utløp (år)
Aksjer			
Andeler			
Obligasjoner			
Utlån			
Sertifikater			
Gjeld	Fastrenteavtale	Fastrente	2024 og 2025
Osv.			

Finansreglementet fra desember 2021 ligg til grunn for plasseringar og innlån mv.

Sykkylven kommune har ikkje rentebytteavtaler eller andre finansielle sikringsinstrument utover finansreglementet sitt krav om 30% i fastrentelån på egne investeringar. Finansrapportane i 2023 syner at vilkåra er oppfylgt på kommunen sine egne lån.

Note nr. 9 – Lån

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringer	814 988 088	18,62	4,10	
Lån til andres investeringer	5 400 000	36	4,10	
Lån til innfrielse av kausjoner	-			
Lån til vidare utlån	60 503 941	14,26	4,10	
Finansielle leieavtaler	1 232 090	7	6,45	

Gjeldsporteføljens gjennomsnittlige kapitalbinding er 18,32-år og den gjennomsnittlige rentebindingen er 0,95-år.

Lånegjeld vedkomande sjølvkost (VAR) vedkomande vatn og avlaup vert betalt av Sykkylven Energi AS som leige for anleggsmidlane. Gjeld vedkomande formidlingslån er etablerings- og startlån som vert betalt av innbyggjarar kommunen har vidareutlånt midlane til.

Lån vedkomande Stranda kommune er eit lån til asfalt deler av Nysætervegen, der Stranda kommune refunderer Sykkylven kommune kostnadene med renter og avdrag.


Lån til asfalt (andres investering) saldo 2023 - kr 5.400.000 frå år 2019 vert betalt av utbyggingsavtale / inntekter på Fjellsetra.

For "Kompensasjonsordning skule- og svømmeanlegg (Ungdomsskulen og Sørestranda skule)" er det berre renter som vert kompensert.

Kommunen har i rekneskapsåret 2023 ikkje måtta innfri nokon garanti.

Långivere, motparter og produktfordeling

Største långiver er KommunalBanken som har en andel på 80%. Nest størst er KLP med 13%.



Långiver	Gjeld	Andel i %
KommunalBanken	702.191.090	79,69%
KLP	118.390.001	13,44%
Husbanken	60.600.205	6,88%

Andel av lån som er vidarelån, finansiert av andre/tilskot, sjølvkost-område mv utgjør ca 20% av den totale lånegjelda til Sykkylven kommune.

Note nr. 10 – Avdrag lån

Budsjett- og rekneskapsforskriftene § 5-12, b)

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	Beløp
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	20 127 330
Korrigerings for mottatte avdrag videreutlån til avdrag andre lån	
Betalte avdrag	20 309 520
Differanse mellom beregnet, korrigerede og betalte avdrag	-182 190

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	Beløp
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12	857 099 298
Bokført verdi lånegjeld 31.12	714 465 052
Avskrivninger	24 145 506

Note nr. 11 – Pensjon

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 c)

Kommunen har 4 pensjonsordningar.

PENSJONSKASSE	OMFATTAR
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Pensjonsordning ordførar
Statens Pensjonskasse SPK	Undervisningspersonale som vert omfatta av læraravtalen
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Sjukepleiarar
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Pensjonsordning for tilsette på vanlege komm. vilkår – mao dei som ikkje er i SPK eller KLP Sjukepleiarar

Generelt om pensjonsordningene i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsordninger i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrer ytelsesbasert pensjon for de ansatte.

Premiefond

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midler på premiefondet kan bare brukes til fremtidig premiebetaling. Premiefondet fremgår ikke av kommuneregnskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremier.

	2023	2022
Innestående på premiefond 01.01.	42 705 618	43 384 004
Tilført premiefondet i løpet av året	4 364 745	14 621 614
Bruk av premiefondet i løpet av året	24 400 000	15 300 000
Innestående på premiefond 31.12.	22 670 363	42 705 618

Regnskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i budsjet- og regnskapsforskriften skal driftsregnskapet belastes med pensjonskostnader som er beregnet ut fra langsiktig forutsetninger om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene beregnes på en annen måte enn pensjonspremier som betales til pensjonsordningen, og det vil derfor normalt være forskjell mellom disse to størrelsene. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og beregnet pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftføres i driftsregnskapet. Premieavviket tilbakeføres igjen neste år/med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller senere, med 1/10 per år for premieavvik oppstått fra 2011 til 2013 og med 1/15 per år for premieavvik oppstått fra 2002 til 2010.

Regnskapsføringen av pensjon innebærer et unntak fra de grunnleggende prinsippene for kommuneregnskapet om at alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsregnskapet for vedkommende år (kl § 14-6, 2. ledd nr c). Regnskapsføringen av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innvirkning på netto driftsresultat i 2023 ved at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. 18.901.774 lavere enn faktisk betalte pensjonspremier.

Bestemmelsene innebærer også at beregnede pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidler og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetninger for beregning av pensjonskostnaden	KLP	SPK	Andre
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,00 %	3,50 %	
Diskonteringsrente	3,50 %	3,50 %	
Forventet årlig lønnsvekst	2,48 %	2,48 %	
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	2,48 %	2,48 %	

Spesifikasjon av samlet pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktelser og estimatavvik

Pensjonskostnad og premieavvik	2023	2022
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	36 213 700	34 885 131,00
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	25 805 590	20 847 013,00
Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-28 702 183	-23 692 417,00
Administrasjonskostnad	1 756 818	1 674 038,00
A Beregnet netto pensjonskostnad (inkl. adm)	35 073 925	33 713 765,00
B Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	60 986 035	46 009 462,00
C Årets premieavvik (B-A)	25 912 110	12 295 697,00

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsregnskapet	2023	2022
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	60 986 035	46 009 462
C Årets premieavvik	-25 912 110	-12 295 697
D Amortisering av tidligere års premieavvik	7 010 336	6 417 820
E Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)	42 084 261	40 131 585
G Pensjonstrekk ansatte	6 475 861	6 151 914
Årets regnskapsførte pensjonsutgift (F-G)	35 608 400	33 979 671

Akkumulert premieavvik	2023	2022
Sum gjenstående premieavvik tidligere år (pr. 01.01.)	22 838 274	16 960 397
Årets premieavvik	25 912 110	12 295 697
Sum amortisert premieavvik dette året	-7 010 336	-6 417 820
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	41 740 048	22 838 274
Arbeidsgiveravgift av akkumulert premieavvik	4 982 968	2 979 382
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	46 723 016	25 817 656

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	2023	2022
Brutto pensjonsforpliktelse pr. 01.01.	710 859 006	658 351 259
Estimatavvik (ført direkte mot egenkapitalen)	8 172 938	17 851 333
Virkning av planendringer (ført direkte mot egenkapitalen)		
Årets pensjonsopptjening	36 213 700	34 885 131
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	25 805 590	20 847 013
Utbetalinger	-24 974 872	-21 075 730
Brutto pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	756 076 362	710 859 006
Brutto pensjonsmidler pr. 01.01.	717 227 266	673 276 235
Estimatavvik	-11 914 364	-3 001 080
Virkningen av planendringer (ført direkte mot egenkapitalen)		
Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.)	60 986 035	46 009 462
Administrasjonskostnad/rentegaranti	-1 756 818	-1 674 038
Utbetalinger	-24 974 872	-21 075 730
Forventet avkastning	28 702 183	23 692 417
Brutto pensjonsmidler pr. 31.12.	768 269 430	717 227 266
Netto pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	-12 193 068	-6 368 260
Arbeidsgiveravgift av netto pensjonsforpliktelse	2 324 594	-675 037

Spesifikasjon av pensjonsforpliktelser og -midler per pensjonsordning

Det avsettes kun arbeidsgiveravgift for pensjonsordninger med netto underdekning, dvs. at pensjonsforpliktelsene overstiger pensjonsmidlene. Nedenfor vises pensjonsforpliktelser, pensjonsmidler og avsatt arbeidsgiveravgift per pensjonsordning.

Netto pensjonsforpliktelse per ordning 31.12.2023	KLP felles	KLP sykepl.	KLP folkev.	SPK	Sum
Brutto pensjonsforpliktelse	548 224 139	136 074 091	4 570 740	67 207 392	756 076 362
Brutto pensjonsmidler	558 211 501	157 908 952	6 871 728	45 277 249	768 269 430
<i>Netto pensjonsforpliktelse (+)/netto pensjonsmidler (-)</i>	-9 987 362	-21 834 861	-2 300 988	21 930 143	-12 193 068
Arbeidsgiveravgift av netto pensjonsforpliktelse	-	-	-	2 324 594	2 324 594
Sum bokført netto pensjonsforpliktelse	-9 987 362	-21 834 861	-2 300 988	24 254 737	-9 868 474

Note nr. 12 – Garantier gjeve av kommunen
 Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 d)

Garantien er stilt for	Formål	Type garanti	Vedtatt garantiramme (ekskl. tillegg)	Saldo 31.12	Forventet låneopptak (utover saldo)	Tillegg for renter og omkostn. ol.	Godkjenning	Utløper
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	2 395 000	360 485			1996	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	5 115 000	948 621			1997	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	6 097 000	1 836 553			2000	30 år
Sykkylven Bustadselskap AS	kommunale bustadar	Husbanken garanti	2 690 000	316 260			1995	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Komm. Banken simpel kausjon	10 402 200	2 560 320			1999	10 år
Sykkylven Friluftssenter AS	skiserter	Sparebanken Møre kausjon	10 000 000	9 568 065			2022	15 år
Bingsa Gjenvinning AS	Inv. innan hushaldsren	selvskyldnerkausion	4 351 032	-		435 103	2022	11 år med tillegg av 2 år
Sum garantier/lån ved kausjon			41 050 232	6 022 239				

Note nr. 13 – Bunde fond
 Budsjett og rekneskapsforskriften, § 5-13, a)

Bunde fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	13 577 604	5 555 836	5 571 487	13 561 953
Selvkostfond				
Øremerket statstilskudd				
Næringsfond/Kraftfond	1 855 966	427 765		2 283 731
Gavefond	1 595 069	1 825	149 593	1 447 301
Osv.				
Sum	17 028 639	5 985 426	5 721 080	17 292 985
Bundne investeringsfond	2 510 335	2 577	892 613	1 620 300
Øremerket statstilskudd				
Gavefond				
Osv.				
Sum	2 510 335	2 577	892 613	1 620 300

Sjølvkost fond innan VAR-område er styrt av Sykkylven Energi AS og framkjem i note 14.

Note nr. 14 – Sjølvkostområde

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 b)

VAR-området (Sykkylven Energi AS)

Tal i heile 1000	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Sum driftsinntekter	7 056	16 329	11 493	34 878
Varekostnad	(95)	(16)	-	(111)
Lønskostnader	(883)	(3 323)	(56)	(4 262)
Driftskostnader	(4 331)	(7 813)	(11 508)	(23 652)
Avskrivningar	(2 233)	(4 578)	(130)	(6 941)
Sum driftskostnader	(7 541)	(15 730)	(11 695)	(34 966)
Driftsresultat	(485)	599	(202)	(88)
Finans	(1 845)	(3 934)	11	(5 768)
Til(-)/frå fond(+)	2 330	3 335	191	5 856
Resultat etter finansugifter og avsetningar	-	-	-	-

FONDSUTVIKLING	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Sum fond 1.1.2022	704	(1 561)	2 140	1 282
Tilført i år 2022*)	(905)	(1 213)	(74)	(2 191)
Sum fond 1.1.2023	(201)	(2 774)	2 066	(909)
Tilført i år 2023	(2 330)	(3 335)	(191)	(5 856)
Sum fond 31.12.2023	(2 531)	(6 109)	1 874	(6 765)
2023 justert for estimatavik 2022	(2 319)	(3 343)	(174)	(5 836)

*) Tilført 2022 består av:	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Tilført i år 2022 prognose	(916)	(1 205)	(91)	(2 211)
Estimatavik 2022	11	(8)	17	20
Endeleg fondsavsetning 2022	(905)	(1 213)	(74)	(2 191)

Det er etablert sjølvkost rekneskap/beregningar innan feiing, kart/oppmåling eller plan.

Selvkostområde feiing	
Dekningsgrad i %	103 %
Gebyrinntekter	-967723
Beregnet selvkost (kostnader)	939207
Selvkostresultat (over-/underskudd)	-28516
Avsetning til selvkostfond	
Bruk av selvkostfond	
Dekning av fremført underskudd	3738
Fremføring av årets underskudd	-24778
Akkumulert underskudd til fremføring	-24778
Bokført verdi 31.12	0

Selvkostområde kartoppmåling	
Dekningsgrad i %	99 %
Gebyrinntekter	-1806322
Beregnet selvkost (kostnader)	1816521
Selvkostresultat (over-/underskudd)	
Avsetning til selvkostfond	
Bruk av selvkostfond	
Dekning av fremført underskudd	947630
Fremføring av årets underskudd	10199
Akkumulert underskudd til fremføring	957829
Bokført verdi 31.12	0

Sykkylven kommunestyre vedtok 11.desember 2023 nye satsar for gebyr området for 2024 som skal ta større høgde for «underdekninga» i rekneskapen.

Selvkostområde plan(301)	
Dekningsgrad i %	9,10 %
Gebyrinntekter	-144970
Beregnet selvkost (kostnader)	1581098
Selvkostresultat (over-/underskudd)	1436128
Avsetning til selvkostfond	
Bruk av selvkostfond	
Dekning av fremført underskudd	1806
Fremføring av årets underskudd	1436128
Akkumulert underskudd til fremføring	1437934
Bokført verdi 31.12	0

Sykkylven kommunestyre vedtok 11.desember 2023 nye satsar for gebyr området for 2024 som skal ta større høgde for «underdekninga» i rekneskapen

Andre selvkostområder	
Dekningsgrad i %	
Gebyrinntekter	0
Beregnet selvkost (kostnader)	0
Selvkostresultat (over-/underskudd)	
Avsetning til selvkostfond	
Bruk av selvkostfond	
Dekning av fremført underskudd	
Fremføring av årets underskudd	
Akkumulert underskudd til fremføring	0
Bokført verdi 31.12	0

*Ingen andre sjølvkostområde i 2023.

Note nr. 15 – Sal av aksjer

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 c)

Salg av aksjer klassifisert som finansielle anleggsmidler	Ander ført i driftsregnskapet (opptjente resultater)	Andel ført i investeringsregnskapet (utdeling av innskutt kapital mv.)
Sum	0	0

Note nr. 16 – Ytingar til leiande personar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13, d)

Ytelser til ledende personer	Lønn og annen godtgjærse	Godtgjærse for andre verv	Tilleggs-godtgjærse	Natural-ytelser
Kommunedirektør	1 422 692	0	0	0
Ordfører	1 261 159	0	14 210	0

Det er ikkje etterlønnsavtale med kommunedirektør.

Ordfører har ein etterlønnsavtale der han er sikra vanleg ordførargodtgjærse i 3 månader.

Note nr. 17 – Godtgjærse revisjon

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 e)

	Godtgjærse
Rekneskapsrevisjon	642 325
Forvaltningsrevisjon	323 108
Sum	965 433

Note nr, 18 – Andre notar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 15-15, 1.ledd første punktum

Ingen spesielle usikre forpliktingar og hendingar for 2023 rekneskapen, men til informasjon fylgjer note 18.1 - 18.4.

Note nr 18.1

Prosjekt Aure Barneskule har vore i prosjekt/byggeperiode i 2022-2024, der prosjektet og byggrekneskapen vert slutført i 2024. Faktura rundt årsskifte i prosjektet frå hovedentreprenør **er ikkje** belasta rekneskapen for 2023 pga at denne skulle krediterast og ny faktura utstedast når dei endeleg kontraktuelle avklaringane var gjennomført. Sikkerhetsmargin i prosjektet vert og ståande i garantiperioden.

Faktura på ca 20 million er delvis kreditert i 2024 og er belasta byggrekneskapen i 2024, men inngår innan vedteken ramme og Sykkylven kommune sine forpliktingar ved årsskrifte 2023/2024.

Løyvingane er rebudsjettert i overgangen 2023-2024 i rebudsjetteringssaka av investeringsmidlar.

Under visar ein dei ulike kretsløpa i kommunerekneskapen. Kretsløp 1 inngår i note 1.

Note nr 18.2

Kretsløp 2 - Egenkapitalen

Kapittel	Balansen	31.12.2023	01.01.2023	Endring
2.5	Egenkapital	346 602 223,85	306 996 692,24	
2.5990	Kapitalkonto	288 641 875,28	256 834 971,75	
Differanse		57 960 348,57	50 161 720,49	7 798 628,08

Driftsregnskapet 2023		Investeringsregnskapet 2023		Sum
Art	Beløp	Art	Beløp	
- Sum bruk av avsetninger, 940 - 950	6 521 080,00	- Bruk av ubundne investeringsfond, 940	1 388 193,00	
- årets merforbruk , 980	0,00	- Bruk av bundne investeringsfond, 950	892 613,00	
		- Udekket i år, 980	0,00	
		+ Avsatt til inndekking av tidligere års udekket, 530	0,00	
		+ Avsatt til ubundne investeringsfond, 540	1 500 000,00	
+ Sum avsetninger, 530 - 550	15 097 937,00	+ Avsatt til bundne investeringsfond, 550	2 577,00	
Sum/differanse	8 576 857,00	Sum/differanse	-778 229,00	7 798 628,00

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	0,08

Note nr 18.3

Kretsløp 3 - Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Kapittel	Balansen	31.12.2023	01.01.2023	Endring
2.2	Anleggsmidler (+ v/økning)	1 938 515 767,22	1 739 271 792,47	199 243 974,75
2.4	Langsiktig gjeld (- v/økning)	1 640 525 075,00	1 472 326 536,00	-168 198 539,00
Differanse				31 045 435,75
2.9100	Memoriakonto for ubrukte lånemidler (+ økning / - reduksjon)			-3 573 086,22
Sum endring i balansen (beregnet endring kapitalkonto)				27 472 349,53

Kapittel	Balansen	31.12.2023	01.01.2023	Endring
2.5990	Kapitalkonto	288 641 875,28	256 834 971,75	31 806 903,53

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	-4 334 554,00

kr.4.334.554,- er korrigering av gamm.awik kap.konto.

Note nr 18.4

Grunnleggende sammenhenger

Omløpsmidler	149 740 620,13	+	Anleggsmidler	1 938 515 767,22	=	Eiendeler	2 088 256 387,35
	-			-			-
Korsiktig gjeld	101 129 088,50	+	Langsiktig gjeld	1 640 525 075,00	=	Gjeld	1 741 654 163,50
	=						
Arbeidskapital	48 611 531,63						
	-						
Ubrukte lånemidler	-9 348 816,79		Ubrukte lånemidler	-9 348 816,79			
	=			=			=
EK fondsdel	57 960 348,42	+	Kapitalkonto	288 641 875,43	=	Egenkapital	346 602 223,85
						EK regnskapet	346 602 223,85
						Mindre/merforbr.	
						KORR EK	346 602 223,85
						Differanse	0,00

Sykkylven 31.12.2023
21.02.2024

Torbjørn Emblem
økonomisjef



Årsrapport 2023

Årsmelding Sykkylven kommune

INNHALD

1	OVERBLIKK	5
1.1	Innleiing ved kommunedirektør	5
2	OVERORDNA MÅL OG RESULTAT FOR KOMMUNESAMFUNNET	6
2.1	Dette har vi oppnådd i 2023	9
2.2	Berekraft	10
2.3	Verdiskaping.....	10
2.4	Livskvalitet, likeverd og mangfald.....	10
2.5	Bustadsituasjonen.....	12
2.6	Heilskapleg styring i Sykkylven kommune:	12
3	ØKONOMI OG ORGANISASJON	17
3.1	ØKONOMI	17
3.1.1	Driftsresultat.....	17
3.1.2	Investeringsrekneskapen.....	21
3.1.3	Balanse	21
3.1.4	Fond.....	22
3.1.5	Pensjon	22
3.1.6	Finansielle måltal.....	22
3.1.7	Finansforvaltning.....	23
3.1.8	Likviditet	23
3.1.9	Lånegjeld	23
3.1.10	Samanlikning med andre kommunar- KOSTRA	24

3.2	ORGANISASJON	26
3.3	Politisk organisasjon:	26
3.4	Administrativ organisasjon:	28
3.4.1	Våre tilsette	29
3.4.2	Lærlingar	29
3.4.3	Kompetanse og rekruttering	29
3.4.4	Sjuefråvær	30
3.4.5	Likestilling og diskriminering:	31
3.4.6	Heiltidskultur	32
3.4.7	Avvik	32
3.4.8	ROS-analyser.....	33
3.4.9	Tenestekvalitet	33
3.4.10	Personvern og informasjonssikkerheit	34
3.4.11	Samfunnsikkerheit og beredskap	34
3.4.12	Tiltak for å sikre høg etisk standard	35
3.4.13	HMS	36
3.4.14	Statlege tilsyn	37
3.4.15	Forvaltningsrevisjonar	37
3.4.16	Kommunebarometeret.....	37
4	KOMMUNALOMRÅDA.....	39
4.1	Oppvekst	40
4.1.1	Sykkylven kommunale barnehagar inkl. spes.ped. teamet.....	42
4.1.2	Grunnskulane og SFO:	44
4.1.3	Aure barneskule/SFO.....	45

4.1.4	Sørestranda skule/SFO	47
4.1.5	Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring	48
4.1.6	Barne- og familietenestene	50
4.2	Helse.....	54
4.2.1	Tenestekontor og koordinerande eining.....	56
4.2.2	Heimetenestene	58
4.2.3	Sykkylven bu- og aktivitetssenter	59
4.2.4	Bu- og rehabiliteringstenestene	60
4.2.5	Sykkylven legesenter	61
4.2.6	NAV Sykkylven-Stranda	63
4.3	Samfunn	63
4.3.1	Avdeling eigedom	64
4.3.2	Avdeling tekniske tenester	66
4.3.3	Avdeling kultur	71
4.4	Stab	73

1 OVERBLIKK

1.1 Innleiing ved kommunedirektør

I denne årsrapporten får du eit innblikk i dei ulike områda av tenester som Sykkylven kommune tilbyr.

Rapporten oppsummerer året som har gått, og korleis vi har jobba spesielt med heilskapleg styring, for å ha orden og kontroll i eige hus. Det er eit svært viktig tema for å kunne vidareutvikle Sykkylven kommune med alle sine tenester, innbyggjarar, brukarar og andre partar i tida framover.

Der er også måten vi opptre på i møte med innbyggjarane og kollega avgjerande viktig. Det er i desse daglege møta mellom menneske at den viktigaste kvaliteten i tenestene og arbeidsmiljøet vert synleg.

Eg vil og takke alle tilsette for evne og vilje til endring og omstilling i 2023. Det kjem til å verte viktigare og viktigare framover for å finne gode og effektive tenester og arbeidsmiljø i ei verd i endring.

Vi har og hatt fokus på samhandling og samlokalisering av tenester med tanke på både økonomisk, miljømessig og kvalitetsmessig god drift.

I 2023 var oppstartsåret for den nye barneskulen i sentrum, noko som er eit viktig løft for heile kommunesamfunnet. Tenestetilbodet til eldre og andre med omsorgsbehov er og i endring, og i 2023 har vi sett i gong prosjekt og byggprosjekt for korleis ein kan vidareutvikle gode og framtidsette butilbod for dei av innbyggjarane våre som treng omsorgstenester frå kommunen.

I Sykkylven kommune har det vore stor vilje til å ta imot menneske frå andre delar av verda. I 2023 fekk vi mange nye innbyggjarar frå Ukraina. Som kommune har vi sett stor pris på frivillige og innbyggjarane sin måte å stille opp på i denne ekstraordinære situasjonen. For Sykkylven kommune er våre

nyinnflyttarar ein viktig ressurs, og vi treng alle med på laget for å sikre at dei kjenner seg inkludert og verdsett. Dette er avgjerande for at dei vil bli verande og skape seg ei framtid i Sykkylven.

Økonomi får ein grundig omtale seinare i årsrapporten.

Kort kan vi seie at dei siste tre åra har bidratt til eit positivt netto driftsresultat, samt evne til bygge fond som buffer for uføresette hendingar. Til tross for dette er utgiftsnivået samla sett noko høgt i forhold til normalinntektene til kommunen.

Elles vil eg takke politikarane i Sykkylven kommune for eit godt samarbeid gjennom året. Eit tett samarbeid mellom politisk og administrativ leiing er avgjerande for at vi skal utvikle oss framover i ei tid med stadig endringar.



Kommunedirektør
Torbjørn Emblem

2 OVERORDNA MÅL OG RESULTAT FOR KOMMUNESAMFUNNET

Sykkylven kommune har i 2023 utarbeidd og vedteke ny samfunnsplan. Dette er kommunen sin overordna strategiske plan. Denne årsrapporten vil svare ut korleis det har blitt arbeidd mot å oppnå måla og kva som er resultatet av arbeidet.

*Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.
Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for samfunn i Sykkylven slik vi kjenner det i dag.*



Visjonen er knytt til at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald på ulike område.
- er eit samfunn som skaper gode løysingar.
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjer nytte av at vi ligg både i by, bygd og fjell.
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.
- er ein berekraftig kommune i tråd med FN sine berekraftsmål.

Det overordna målet:

Å vere ei berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.

Utfordringar og moglegheiter:

Ei berekraftig utvikling er avgjerande for at Sykkylven skal vere eit livskraftig lokalsamfunn inn i framtida. Kommunen må tilpasse seg samfunnsendingar og utnytte nye moglegheiter for å skape ein attraktiv kommune for nye innbyggjarar.

Endringsvilje, innovasjon og skaparglede er grunnlag for omstilling og utvikling. Tett samarbeid mellom kommune, næringsliv og ulike kompetansmiljø legg grunnlag for ei berekraftig utvikling.

Ei av dei største berekraftsutfordringane for kommunane framover er å tilpasse oss dei store endringane i befolkningssamansettinga dei neste tiåra. Sykkylven kommune er ikkje noko unntak. Som følgje av nedgangen i talet på barn og unge vil kommunane få mindre statlege midlar til denne gruppa. Det betyr at driftsnivået må tilpassast endringane i talet på barn og unge. Samtidig må kommunane rigge ein eldreomsorg som tek høgde for den store auken i talet på eldre.

Utfordringane dei neste 10-20 åra på overordna nivå kan kort oppsummerast slik:

- Klima og miljø
- Mangel på folk
- Sikkerheit og beredskap i ulike former og på ulike nivå

Sykkylven kommune har ein samfunnsplan med ambisjonar om å:

- Motvirke folketalsnedgang.
- Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.
- Vekst og utvikling for eksisterande næringsliv.
- Omstille og legge til rette for nye arbeidsplassar.
- Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.
- Vidareutvikle sentrum.
- Skape ein berekraftig kommune i tråd med FN's berekraftsmål
- Omstille og tilpasse det kommunale tenestetilbodet i tråd med endra behov og rammevilkår

Demografisk utvikling:




Tala syner at vi vert færre yngre og fleire eldre. Vi held oss friske lenger og levealderen aukar. Dette er på mange måtar ei god utvikling, men har i seg nokre utfordringar.

Vekstraten framover kjem til å føre til utfordringar vi ikkje har sett før i dei kommunale tenestene. Frå midten av 2030-tallet, vil talet på personar i

yrkesaktiv alder falle i absolutte tal. Denne utviklinga vil forsterke seg ytterlegare etter 2040.

Demografiutviklinga betyr altså både ei auke i tal eldre, og ein reduksjon i tal personar i arbeidsfør alder – samtidig.

Endringar i befolkninga i Sykkylven i 2023:





Vekst i befolkningen siste kvartal

4. kvartal 2023

18 personer

Forventa utvikling for folketallet i Sykkylven:



Befolkning i 2030

2030

7 323 innbyggere



Befolkning i 2050


2050

6 847 innbyggere

Innvandring:

Grafen i figur 1 syner kvar dei som vandrar inn til Sykkylven kjem ifrå:

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.



Kilde: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

Figur 1 Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre i Sykkylven

Som elles for Møre og Romsdal har innvandring til Sykkylven vore avgjerande for folketalsutviklinga. Med innvandrarbefolkninga meiner vi innvandrere og barn av innvandrere.

Året 2023 var og eit spesielt år med tanke på krig i Europa og eit stort behov for at kommunane tok imot flyktningar. Sykkylven kommune har i perioden 2022-2023 teke imot 150 personar, dei fleste av desse kom frå Ukraina.


2.1 Dette har vi oppnådd i 2023

I årsrapport for 2023 under dei 3 kommunalområda - Oppvekst, Helse og Samfunn - kjem det fram kva for mål, aktivitetar og resultat som vart oppnådd.

Her vil ein på overordna nivå berre liste opp nokre mål og resultat som ein har nådd, gjort vedtak om eller vedteke plan og strategiar på i 2023.

- Samfunnsplan vedteken – kort og klar
- Aure barneskule opna i oktober
- Nytt bibliotek opna mai
- Dialogmøter med Tandstad aktivitetshus gjennom 2023 som resulterte i vedtak om aktivitet i Tandstad skule
- Vedtak og oppstart ombygging - barnebustad i Vik barnehage.
- Ny avdeling i Ullavik barnehage (Ullavik skule)
- Vedtak, kjøp og prosjektering av nytt helsehus i Sykkylven – Uribygget.
- Omstillingsprogrammet er vidareført i 2023 (og 2024) med tilskot frå fylket, som sikrar omstilling og næringsutvikling
- SNU AS har fått ein meir berekraftig finansiering dei neste 3 åra som sikrar fokus på næringsutvikling
- Sykkylven kommune har endra organisering som bl.a. inneheld nytt kommunalområde Samfunn, og næringsteam er etablert.
- Heilskapleg styringssystem er kome på plass, som gjev grunnlag for endå betre styring og kontroll.
- Beredskapsfokus gjennom planverk og øvingar har gjeve ein endå betre tryggleik lokalt og utad.
- Kommunestyret har vedteke eit investeringsbudsjett i 2023 som inneheld stort fokus på bygg/bustadar innan helse og omsorg.
- Rekneskapen er avlagt med eit formelt resultat som er positivt.

- Det er ein positiv organisasjon i Sykkylven kommune med ca. 650 tilsette. Optimisme trass utfordringar.
- Storfjordsambandet er straks på plass med KVU utgreiinga som gjev framdrift rundt prosjektet med fjordkryssing.
- Det er svært mange ulike aktivitetar og tiltak innan alle tenesteområda som er vidareført i kommunal regi og/eller i samarbeid med frivillige gjennom 2023, og som gjev positive ringverknader for mange innbyggjarar og andre. Det er svært positivt for 2023.
- Klima- og miljøbudsjett er starta i 2023, og ungdommen har presentert sine innspel for kommunestyre og administrasjon.
- Landbruksplan med jordvernstrategi vart vedteke i 2023. Planen fekk honnør frå Statsforvaltaren, som uttaler at «planen er eit særst godt døme til andre kommunar».



Oversikta over mål og resultat for Sykkylven kommune for året 2023 er langt frå uttømmende, men gjev nokre innblikk i ulike områder der Sykkylven kommune har nådd positive mål og/eller har lagt grunnlag for framtida.

Målstyring vil vere eit fokusområde i 2024 både for kort og lang sikt.

2.2 Berekraft

Målet om å vere ei berekraftig kommune er overordna og gjennomgåande viktig for alt vi gjer. Berekraftig utvikling handlar om både økonomiske forhold, klima og miljø og sosiale forhold/ livskvalitet. Korleis det vert jobba kjem fram under dei andre fokusområda. Berekraft med hovudområde økonomi, sosiale forhold og klima/miljø er og pilarane i oppdragsbreva som går ut til kommunalområda og einingane, samt andre som gjer oppdrag for Sykkylven kommune.



Figur 2 FN sine berekraftsmål, med dei tre dimensjonane: økonomi, sosiale forhold og klima og miljø.

2.3 Verdiskaping

MÅL: Sykkylven har eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar

Sykkylven kommune skal:

1. Fokusere på entreprenørskap og nyskaping
2. Vere ein næringsvenleg kommune som gjer det lett å etablere, drive og utvikle næring i Sykkylven
3. Legge til rette for samarbeid og samhandling mellom kommunar, næringsliv og utdannings-/forskningsmiljø.

2.4 Livskvalitet, likeverd og mangfald

MÅL: Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbygarane.

Sykkylven kommune skal:

- Vere eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn for alle
- Gjere slik at innbygarane meistrar eigen livssituasjon og er friske

Dette har vi oppnådd i 2023:

Aure barneskule opna i oktober 2023 – ein flott ny sentrumsskule i massivtre med ca. 400 elevlar. Skulen er finansiert med grønne lån og er bygd for eit best mogleg læringsmiljø for elevane.

Biblioteket opna i nye lokalar 16.mai 2023. Nytt bibliotek på bakkeplan, i samspel med andre aktørar i same bygg, legg til rette for nye møteplassar og aktivitetar, samhandling med nye aktørar og eit endå betre tilbod. I 2022 vart skaparlinken etablert i sentrum i bibliotekbygget. Arbeidsplassar i sentrum er viktig for aktivitet og attraktivitet.




Figur 3 Aure barneskule opna hausten 2023

Frivilligsentralen er på flyttefot til andre etasje på biblioteket, og vil gje ytterlegare synergjar og fellesskap for brukarar og innbyggjarar i Sykkylven når den vert opna i 2024.

Utstyrssentralen har flytta frå rådhuset til underetasjen på bibliotekbygget og gjev ein ekstra dimensjon over biblioteket og kommande frivilligsentral.

Kulturhus, idrettsanlegg, skular, bibliotek og frivilligsentral skaper aktivitet der svært mange av våre innbyggjarar er ein del av det som skjer.



Figur 4 Sykkylven bibliotek opna 16.mai 2023

Utstyrssentralen som er koordinert gjennom frivilligsentralen gjer at fleire kan delta i fritidsaktivitetar.

Fjellseterområdet er eit svært viktig område for folkehelse og livskvalitet. Gjennom sikring av areal, bygging av parkeringsplassar på fjellet, ny turveg ved Dravlausstølen, tilskot til utbetringar i skiløypene, driftstilskot til friluftssenteret, mm., bidreg kommunen til trivsel, møteplassar og styrka folkehelse.

2.5 Bustadsituasjonen

MÅL: Sykkylven er ein attraktiv kommune å busette seg i.

Sykkylven kommune skal:

- Legge til rette for ny busetting i kommunen
- Ha eit attraktiv og levande sentrum
- Vere eit trygt samfunn i utvikling

Dette har vi oppnådd i 2023:

Utbyggingsavtale med Husbanken vart gjort for private utbyggjarar. Dette har bl.a. ført til at leilegheiter er under oppføring i 2023 ved småbåthamna, som gjev 14 nye bustader for ulike grupper innbyggjarar. Sykkylven kommune har vore aktiv med å initiere prosjektet utan å vere økonomisk involvert.

Det er lagt opp til fleire slike avtalar (Husbanken) gjennom 2024.

Energieffektivisering i kommunale bygg er ei viktig satsing. Eitt viktig prosjekt som vart slutført i 2023 var overgang til varmepumpe teknologi ved BUAS. Også Sørestranda skule og nye Aure barneskule har denne teknologien. Prosjektet ved BUAS har som mål å spare 800 000 kw timar i året. Dette ei eitt av fleire energisparingsprosjekt som vil kunne bidra til at vi når måla våre i klima- og miljøplanen om å ta ansvar for redusert klimafotavtrykk.

Bibliotekparken er under etablering og opparbeiding i 2023 og vert slutført våren 2024. Den gjev eit flott område for og rundt biblioteket, sentrum og frivilligsentralen.

Kommunen har god dialog med statsforvaltaren om beredskapsarbeidet som sikrar trygge og sikre bumiljø i Sykkylven.

Kommunen har framleis ei rekke [kommunale tomter](#) for sal.

2.6 Heilskapleg styring i Sykkylven kommune:

Sykkylven kommune har ansvar for ei rekke samfunnsoppgåver, og har fleire ulike roller:

- Demokratisk arena: Kommunen er en politisk styrt organisasjon, og er ein arena for lokaldemokrati.
- Samfunnsutviklar: Kommunen har ei sentral rolle knytt til samfunnsutvikling lokalt, med ansvar for blant anna arealforvaltning, infrastruktur, tettstadsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse.
- Tenesteutøvar: Kommunen er leverandør av ei rekke offentlege velferdstenester til innbyggerane.
- Myndigheit: Kommunen utøver myndigheit i samsvar med lov, retta mot enkeltindivid, bedrifter eller organisasjonar.
- Arbeidsgivar: Kommunen har arbeidsgivaransvar for dei tilsette i organisasjonen.

God leiing, plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at Sykkylven kommune kan ivareta desse rollene. God styring skal ivareta både folkevalde sitt ansvar for strategisk styring og prioritering, og kommunedirektøren sitt ansvar for å sette i verk politiske vedtak.

Det heilskaplege styringssystemet skal sikre at kommunen blir styrt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, kommunale planar, interne rutinar og politiske vedtak, og at det er ein raud tråd frå samfunnsplanen og ut til tenestene som vert ytt i einingane.

Alle leiarar i Sykkylven kommune har ansvar for å leie eiga verksemd i samsvar med kommunen sine styringsprinsipp. Det overordna ansvaret for den heilskaplege styringa i Sykkylven ligg til kommunedirektøren.

Oversikt over dei ulike aktivitetane i heilskapleg styring:

Kva	Kort fortalt	Ansvar
Samfunnsplanen	Overordna strategisk styringsdokument. Omtalar langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.	
Årshjul og årsplan	Årshjulet inneheld oversikt over alle aktivitetar i samband med heilskapleg styring gjennom året. Årsplanen inneheld det same, men med fleire detaljar/ deloppgåver knytt til dei ulike aktivitetane.	Kommunedirektør har ansvar for at årshjul og årsplan er i tråd med planlagt praksis
Leiaravtalar	Leiaravtalane inneheld oversikt over ansvar og forventningar som ligg til leiarane. Likelydande leiaravtalar skal vere med og sikre lik og heilskapleg styring. Avtalane skal gjennomgåast og evaluerast årleg.	Leiarane sin nærmaste overordna
Oppdragsbrev	Bygger på budsjett- og økonomiplan og samfunnsplanen, og inneheld forventningar til arbeidet for komande år. Oppdragsbrevet inneheld overordna mål for kommunen, og skal konkretiserast i strategiar for kvar eining. Slik skal vi sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, og politiske vedtak, lover og forskrifter.	Kommunedirektør har ansvar for å utarbeide oppdragsbrev. Einingsleiarane har ansvar for å konkretisere oppdragsbrev
Rapportering	Føremålet med intern rapportering er å ha oversikt og kontroll med korleis kommunen vert styrt, og sette inn tiltak om det er behov for å justere kursen. Rapportering på heilskapleg styring skjer ein gong i året. Økonomirapportering skjer kvart kvartal, og i to av desse kvartalsrapporteringane er det også rapportering på sjukefråvær. I tillegg vil det vere eksterne rapporteringar til t.d. statsforvaltaren på ulike område gjennom året.	Kommunedirektør har øvste ansvar. Einingsleiarane har ansvar for å rapportere frå einingane.
Styringsdialog	Dialog mellom kommuneleieing og einingsleiar der føremålet er å følgje opp at kvar eining er på rett kurs. Styringsdialog 1 skjer etter rapportering på heilskapleg styring, der dette og oppdragsbrevet er hovudtema. Styringsdialog 2 skjer i forkant av budsjett- og økonomiplanprosessen, der hovudtema er økonomisk styring framover.	Kommunedirektør

Årsmelding/ årsrapport	Årsmeldinga er eit dokument som skal sendast til revisjonen innan 31.mars kvart år. Kommunen skal rapportere til kommunestyret om internkontroll og statlege tilsyn minst årleg. Årsmelding og årsrapport heng tett saman, og blir derfor samla i eitt dokument som skal vere ferdig 31.mars kvart år.	Kommunedirektør. Økonomisjef er ansvarleg for innhaldet i årsmeldinga
Budsjett og økonomiplan	Det årlege budsjett- og økonomiplandokumentet inneheld økonomiske rammes, mål og planlagde aktivitetar for komande fireårsperiode. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Årsbudsjettet er bindande når det er vedtatt av kommunestyret.	Kommunedirektør
Vedtaksrekneskap	To gonger per år skal det gjerast eit uttrekk av status på politiske vedtak, slik at kommunedirektør og kommunestyret får oversikt over status i arbeidet med å fullføre vedtaka.	Kommunedirektør
Leiinga sin gjennomgang	Gjennomførast årleg. Leiinga sin gjennomgang er ein intern revisjon av styringssystemet, og ein gjennomgang av status for arbeid knytt til dei fire styringsprinsippa.	Kommunedirektør
Kvalitetsarbeid	Systematisk arbeid med å sikre at vi leverer tenester i tråd med regelverket, og at vi heile tida forbetrar tenestene våre. Kvalitetshandboka definerer korleis vi jobbar med kvalitetssikring og -forbetring.	Alle leiarar

Dei fire prinsippa for verksemdsstyring i Sykkylven kommune, med hovudaktivitetar:

MÅL- OG RESULTATSTYRING

- ✓ Kommuneplanen definerer kommunen sine mål. Måla blir fordelt på einingane gjennom oppdragsbrev
- ✓ Leiarane forpliktar seg til måloppnåing gjennom leiaravtalar
- ✓ Resultatoppfølging og evt korrigerande tiltak gjennom styringsdialogar
- ✓ Kvartalsvis oppfølging av leiarane med fokus på budsjett
- ✓ Årsrapporten gir ei samla vurdering av status og måloppnåing for alle måla

INTERNKONTROLL

- ✓ Kontrollutvalet fører løpande kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret
- ✓ Kommunedirektøren har ansvar for internkontroll med administrasjonen si verksemd (vert ivaretatt både av kommundirektør og einingsleiarar)
- ✓ Statsforvaltaren og andre statlege myndigheiter fører kontroll med om kommunen si verksemd og vedtak er i samsvar med regelverk

RISIKOSTYRING

- ✓ Uønska hendingar/ avvik skal registrerast og handterast gjennom avvikssystemet
- ✓ Kommunedirektør gjennomfører risikoanalyser på tenestemråde- og kommunenivå
- ✓ Einingsleiarane gjennomfører kartlegging og risikovurdering av arbeidsmiljø og tenestekvalitet
- ✓ Risikoanalyser i samband med prosjektarbeid

FORBETRING OG INNOVASJON


- ✓ Som del av den daglege drifta, arbeider alle einingar med å forbetre sine tenester og prosessar i samsvar med kommunen sine verktøy for kontinuerleg forbetring
- ✓ Alle einingar arbeider for å utvikle ein aktiv innovasjonskultur

Det overordna ansvaret for heilskapleg styring i Sykkylven kommune ligg til kommundirektøren. Arbeidet med å koordinere og følgje opp aktivitetane som inngår i det heilskaplege styringssystemet, ligg til stab.

Koordinerte styringsprosessar og eit hensiktsmessig årshjul skal sikre at einingsleiarane kan ivareta sitt ansvar på ein god måte.

Årshjul for heilskapleg verksemdsstyring inneheld både administrativ og politisk rapportering. **I denne årsrapporten rapporterer kommundirektøren på den samla verksemdsstyringa til politisk leiing.**

Figur 5 viser hovudaktivitetane i Sykkylven kommune sitt årshjul for heilskapleg styring.



Figur 5 Sykkylven kommune sitt årshjul for heilskapleg styring (forenkla framstilling)

3 ØKONOMI OG ORGANISASJON

3.1 ØKONOMI

3.1.1 Driftsresultat

Brutto driftsresultat

Dette viser kommunens driftsresultat, før det vert teke omsyn til finansresultat. Brutto driftsresultat er tradisjonelt noko dårlegare resultatomgrep enn netto driftsresultat, fordi avskrivningane kan vere vesentleg større enn kva kommunen betaler i avdrag. Brutto driftsresultat kan samanliknast med driftsresultatet i eit bedriftsrekneskap. Avskrivningar er rekna inn i brutto driftsresultat, medan avdrag vert halde utanfor.

Brutto driftsresultat	År 2023	År 2022	År 2021
Frå rekneskapen	12 711 889	15 181 069	2 350 974

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat fortel om kommunens drift gjekk med overskot eller underskot. Netto driftsresultat skil seg frå brutto driftsresultat ved at finansinntekter er med – og finansutgifter, der avdrag på lån har erstatta avskrivningar som kostnad.


Netto driftsresultat	År 2023	År 2022	År 2021
Frå rekneskapen	11 779 434	15 421 554	8 118 027

Krav til netto driftsresultat

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) skriv at netto driftsresultat over tid bør utgjere minst 1,75 prosent av driftsinntektene.

Netto i % av driftsinntektene	År 2023	År 2022	År 2021	År 2020	År 2019	År 2018
Frå rekneskapen	1,67	2,31	1,30	-0,73	-0,34	0,27

Netto driftsresultat over år:



Figur 6 Netto driftsresultat for dei ti siste åra

Budsjettavvik

Administrasjonen har eit tydeleg forhold til kva prioriteringar, løyvingar, mål og premisser som ligg til grunn i årsbudsjett og økonomiplanen til kommunen. Av denne grunn er det heller ikkje blitt gjort budsjettendringar på avvik som har oppstått gjennom året.

Drift

Det er i hovudsak innan finansområdet (kap.9) med høgare skatteinngang og tilskot til integrering at det er avvik på inntektssida.

Innan utgiftssida er det litt for mykje gjennomgåande meirforbruk i høve budsjettet på alle kommunalområda og stab/støtte. Hovudårsaka til dette er at det i 2023 var for mykje fokus på oppgåver og endringar som ikkje gjev økonomiske gevinst og som gav for lite fokus på forsvarleg økonomistyring gjennom året. Dette er gripe fatt i ved overgangen til 2024.

Dette kjem fram i rekneskapen side 5 og 6 – Oversikt løyvingar budsjettområde, samt under kommunalområda sine omtale i årsmeldinga.

Administrasjonen har gjennom 2023 hatt god oversikt over dei periodiserte rekneskapa der konklusjonen var at kommunen styrte mot meirforbruk og/eller mot nullresultat.

1. Samla driftsinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter er budsjettert med grunnlaget frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2022 og justerte tal oppdatert i KS sin prognosemodell. Det er i hovudsak rammetilskotet med løpande inntektsutjamning (skattekompensasjon) som har vore større enn budsjettert i 2023, saman med auke i integreringstilskot i desember månad.

2. Eigedomsskatteutskrivninga for 2023 er endra i tråd med takstgrunnlaget/endringslistene pr. 2022. Kommunestyret vedtok for 2023 ein skattetakst på 3,2 promille.

3.Finansinntekter

Følgjande finansinntekter er overbudsjettert:

- Renteinntekter bankkonti ca. 4,3 million i år mot ca. 3 million for 2022.
4. Renteutgifter innlån
Kommunen har hatt renteutgifter og avdrag på innlån på totalt ca. 40 million i 2023, mot budsjettert 41 million i 2022. Rentenivået har vore straks høgare også gjennom 2023. Det er ikkje føretatt budsjettendring på dette i 2023, men teke med i økonomirapporteringa og i budsjettarbeidet inn i 2024.
 5. Premieavvik pensjon
KLP utarbeidar prognosar som kommunane nyttar i budsjettarbeidet. Mange faktorar ligg til grunn i desse prognosane, men likevel må kommunane gjere lokale vurderingar av premieavviket. Sykkylven kommune vurderte premieavviket for 2023 til 9 MNOK for Sykkylven kommune i samband med budsjettarbeidet. Resultatet syner høgare tal for 2023, men desse vil endre seg gjennom 2024 igjen. Kommunen har gjort alle rekneskapsmessige justeringar i samsvar med årsoppgåva frå KLP.
 6. Sjølvkost (sjå note 14 i rekneskapen)
Budsjettet for 2023 på sjølvkostområda vart registrert i null. Det er Sykkylven Energi AS som har ansvar for VAR-område Sykkylven kommune. Sykkylven kommune på dei 3 andre områda – feiing, kart/oppmåling og plan og bygning.

Forskjellen mellom sjølvkost- og driftsrekneskapen ville kunne framstå slik om alt var ført gjennom kommunene.

Samlet selvkost:

- + Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
- + Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)
- + Kalkulatorisk rentekostnad
- + Kalkulatorisk avskrivningskostnad
- = Gebyrgrunnlag
- Gebyrinntekter
- = Selvkostresultat*

* Selvkostresultatet føres mot selvkostfond og/eller memoriakonti i balanseregnskapet.

Driftsregnskapet:

- + Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
- = Resultat før gebyrinntekter
- Gebyrinntekter
- = Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)

Postene finnes bare i selvkostkalkylen og utgjør bl.a. selvkostområdenes bidrag til kommunekassens rente- og avdragsutgifter. Postene skal ikke føres i driftsregnskapet.


Utover dette har Sykkylven kommune framleis eit negativt fond på ca. kroner 500.000,- mot avløp som ein må finne inndecking for i dei nærmaste åra. Dette er knytt til utgreiingar i samband med avløp på Fjellseterområdet.

Ytterlegare informasjon til budsjettavvik kjem fram i rekneskapen og under kommunalområda sine kommentarar i årsmeldinga.

Investering:

Tabellen på side 8 og 9 i rekneskapen viser dei største investeringsprosjekta med gjenståande budsjetttramme pr. 31.12.2023. Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 171 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2023 var på 197 mill. Dette er eit avvik, som i hovudsak skuldast at budsjett inneheld ny sentrumsskule vidare bygging, nytt alarmsystem BUAS, bibliotekbygget mv – sjå tabellen under. Desse prosjekta/midlane saman med løyvingar i 2024 er godt i gang i 2024.

Alle prosjekta er vedteke og vidareført mellom åra gjennom rebudsjetteringsvedtak i k.sak 19/24.



Figur 7 Inne på Sørestranda skule

Budsjettavvik investeringsbudsjett

Prosjekt - Investeringar 2023	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Merknad
med større budsjettavvik	2023	2023	2023	
VELFERDSTEKNOLOGI	173 043	488 000	-	1
BIBLIOTEKPARKEN	4 059 665	4 500 000	2 500 000	2
NY TANKBIL - BRANNVESENET	3 308 808	3 040 000	-	3
FORTAU YX - ØVRE TYNES	50 734	2 428 000	2 000 000	4
IKT GRUNNSKULEN	-	300 000	-	5
GARDEROBE BUAS/HEIMETENESTENE	-	661 000	500 000	6
INVENTAR OG UTSTYR BUAS (KJØKKEN)	1 179 968	1 955 000	100 000	7
OPPSTART SYKKYLVEN OMSORGSSENTER OG	1 879 544	2 000 000	2 000 000	8
HELSEHUS	10 782 226	16 000 000	-	9
KYSTSTI OG FORTAU VED SMÅBÅTHAMNA	1 754 978	2 843 000	-	10
NY SENTRUMSSKULE	118 720 480	129 781 000	91 922 000	11
VEG MEIERIDALEN	4 520 363	-	-	12
ENØK-TILTAK BUAS	2 872 346	1 087 000	-	13
PROSJEKTERING BUSTADER HEILDØGNSOMSC	-	1 000 000	500 000	14
KAIOMRÅDET - TILTAK OG UTVIKLING	21 364	609 000	-	15
MINNELUND ETABLERING	24 000	200 000	-	16
NYTT ALARMSYSTEM BUAS	31 552	5 926 000	-	17
DIGITALISERING - ARKIV	-	2 180 000	1 830 000	18
TOTALT	-	-	-	-

Kommentarar til tabellen ovanfor pr merknadspunkt:

Pkt 1.

Innføring av velferdsteknologi skjer løpande med investering i nytt utstyr. Gjennom 2023 har ein hatt fokus på innføring og bruk av tidlegare anskaffingar slik som i 2022. Det er årsaken til at nytt utstyr har vore utsett til 2024. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 19/24 for året 2024.

Pkt 2.

Løyvinga gjeld bibliotekparken som er prosjekt som vert avslutta våren 2024. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 19/24.

Pkt 3.

Løyvinga til ny brannbil gjekk utover budsjettløyvinga med det utstyret bilen var levert med i 2023. Rekneskapen er avslutta med eit meirforbruk.

Pkt 4.

Fortau YX – Øvre Tynes er ikkje slutført i 2023 men fortsett inn i 2024. Løyvinga er rebudsjettert i 2024.

Pkt 5.

Løyvinga gjeld IKT i skulen og unytta løyving er rebudsjettert inn i 2024. Etablering av Aure barneskule og endelege behov er årsak til ikkje nytta 2023.

Pkt 6.

Garderober mv på heimetenestene/BUAS er ikkje gjennomført i 2023 pga behovet for ein heilheitsplan. Løyvinga er rebudsjettert.

Pkt 7.

Inventar-kjøkken BUAS har vore forsinka i vurderingane rundt grunnlaget og behovet for størrelsen på oppgraderinga av golv og utstyr. Det er etablert nye golv mv, men prosjektet rundt utstyr mv er ikkje avslutta fullt ut i 2023. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 19/24 inn i 2024 og er under slutføring no.

Pkt 8.

Etablering av bukollektiv er gjort i 2023 på del 2 i «sone 3» på BUAS. Slutføring skjer i mars 2024 og innflytting også no i april 2024. Restløyvinga er rebudsjettert.

Pkt 9.

Etablering av nytt helsehus og kjøp av seksjon 7 og 8 i Urigården er dels gjennomført i 2023 med kjøp av seksjon 7, medan seksjon 8 vart kjøpt i 2024. Restløyvinga er rebudsjettert i 2024.

Pkt 10.

Restløyvinga på kyststi og bru ved småbåthamna er ikkje gjennomført i 2023. Det manglar fullverdig finansiering på brua over elva for at dette kjem på plass. Restløyvinga er rebudsjettert for endeleg etablering i 2024.

Pkt 11.

Aure barneskule vart teke i bruk oktober 2023. Sluttoppgjeret og avsetjing til risikomargin skjer i 2024. Restløyvingar er rebudsjettert i k.sak 19/24 for 2024.

Pkt 12.

Prosjekt Meieridalen har siste meirforbruk i 2023. Prosjektet sin sluttoppgjer er kostnadsført i 2023. Prosjektrekneskapen for heile prosjektet vert slutført våren 2024.

Pkt 13.

ENØK-midlar for energieffektivisering ved BUAS fekk ikkje forente tilskot på budsjettert nivå, slik at prosjektet kjem fram med eit meirforbruk i 2023. Prosjektet er slutført no.

Pkt 14.

Prosjektering heildøgns omsorgsbustader har ikkje starta fullt opp i 2023, men kjem no i 2024 saman med Husbanken sine midlar. Løyvinga er rebudsjettert.

Pkt 15.

Prosjektet på kai-området vert gjennomført 2024 i samhandling med tettstadprosjektet, slik at det er venta slutføring då. Løyvinga er rebudsjettert inn i 2024.

Pkt 16.

Prosjektering av minnelund har vore ei sak gjennom heile 2023. Den enda i endeleg vedtak (k.sak 11.mars 24) om etablering av minnelund i regi av

Kyrkja/fellesrådet med tilskot frå Sykkylven kommune. Restløyvinga er rebudsjettert i 2024.

Pkt 17.

Nytt alarmsystem BUAS har vore under planlegging og oppstart gjennom 2023. Anbudsutlysing og søknader om tilskot har teke lengre tid enn tidlegare planlagt. Slutføringa og etableringa skjer våren 2024. Løyvinga er rebudsjettert inn i 2024. – K.sak 19/24.

Pkt 18.

Digitalisering arkiv. Prosjektet har ikkje vore starta i 2023, men vert etablert i 2024. Løyvingane er rebudsjettert inn i 2024 i k.sak 19/24.

3.1.2 Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen kjem fram i del 2 i rekneskapen og gir ei god oversikt på investeringane i 2023. Dei prosjekta som ikkje er ferdig i 2023 har vorte rebudsjettert og gjennomførast vidare gjennom 2024. Sjå del 2 i rekneskapen.

Sjå også rekneskapen med tilhøyrande notar - 1 til 18.

3.1.3 Balanse

Balanserekneskapen kjem fram i del 3 i rekneskapen og gir god oversikt på Sykkylven kommune sine egedelar, eigenkapital, gjeld og forpliktingar.

Notane i rekneskapen (note 1-18) gjev også god informasjon om balanserekneskapen sitt innhald.

3.1.4 Fond

Fond i rekneskapen består av 4 ulike fondstypar. Tabellen under visar dei ulike fonda sin verdi i 2023 og 2022.

Oversikt fond	Året 2023	Året 2022
I. Egenkapital drift - fond	63 938 010	55 361 153
1. Disposisjonsfond	46 645 024	38 332 513
2. Bundne driftsfond	17 292 985	17 028 639
	-	-
II. Egenkapital investering - fond	1 980 251	2 758 480
1. Ubundet investeringsfond	359 951	248 144
2. Bundne investeringsfond	1 620 300	2 510 335


3.1.5 Pensjon

Sykkylven kommune har sine pensjonsmidlar og forpliktingar i 2 selskap. Dette er KLP og SPK. Sjå note 11 i rekneskapen for nærmare forklaring på kostnader rundt pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar.

3.1.6 Finansielle måltal

Sykkylven kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltninga i kommunen, jf. kommunestyresak PS-98/2019.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter – minimum 1,75 %.




Figur 8 Netto driftsresultat og krav til netto driftsresultat for reell balanse

Vi ser her at frå og med år 2017 vart resultatet dårlegare enn krava til netto driftsresultat (1,75 %). For året 2021, 2022 og 2023 har resultatet vorte i snitt i høve kravet.


Disposisjonsfond i % av driftsinntekter –minimum 10 %

Sykkylven kommune sitt disposisjonsfond mot måltal for storleiken på disposisjonsfondet i perioden 2017-2023.



Figur 9 Disposisjonsfond 2018-2023

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter ned på dagens nivå under 130 % pr 2030 og under 100 % pr 2035.



Figur 10 Lånegjeld mot driftsinntekter

3.1.7 Finansforvaltning

Finansforvaltninga i Sykkylven kommune kjem fram i Finansrapporten som kommunen legg frå pr kvartal.

3.1.8 Likviditet

Likviditeten i 2023 har vore noko meir anstrengt gjennom første del av året. Låneopptak i høve Aure barneskule vart gjort i løpet av sommaren/hausten og slik sikra betre økonomi utover i andre halvår 2023.


Likviditeten var forsvarleg også ved årsskiftet, men har på nytt vorte redusert i perioden inn i 2024 og fram til siste låneopptak i februar 2024.

3.1.9 Lånegjeld

Långivarar, motpartar og produktfordeling:

Långivar	Gjeld	Andel i %
Kommunalbanken	702.191.090	79,69 %
KLP	118.390.001	13,44 %
Husbanken	60.600.205	6,88 %

Långivarar, motpartar og produktfordeling



Figur 11 Største långivar er KommunalBanken, som har ein andel på 80 %. Nest størst er KLP med 13 %.


3.1.10 Samanlikning med andre kommunar- KOSTRA

Å samanlikne oss med andre kommunar gjev oss innsikt i kva for driftsnivå vi har og om vi nyttar ressursane effektivt, justert for dei ulikheiter som ein ser og kjenner til mellom kommunar.

Det gjev og eit grunnlag for prioriteringar, mål og strategiar for kommunen i eit kortare og lengre perspektiv.

Tabell 1 gjev ei oversikt over netto driftsutgifter per innbyggjar i Sykkylven kommune samanlikna med vår eiga KOSTRA- gruppe (lik kommunestorleik) samt med landet elles, utan Oslo. Tabellen syner og eit teoretisk handlingsrom for innsparing dersom Sykkylven kommune hadde same driftsutgifter som gjennomsnittet av kommunane i same kostragruppe.

Sykkylven kommune hadde gjennom 2023 for lite fokus på verksemdsstyring med kost/nytte grunnlag. Dette førte til at tenesteområda har eit meirforbruk i høve budsjett som og gjev utslag på kostrarapportering/samanlikninga då den bygger på rekneskapstal.



Ein vil gjennom 2.kvartal og 3.kvartal 2024 kome med analyse – både eksterne og interne - av utfordringane og moglegheitene som ligg i Sykkylven kommune. Dette vil gje eit betre framtidsgrunnlag for styring og målparameter.

Tabellen under med samanlikning med andre kommunar/kostragruppa gjev likevel eit bilede av året 2023.

Tabell 1 Samanlikning med andre kommunar - KOSTRA

Rekneskapstal 2023	Sykkylven	Sula	Rauma	Giske	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
(tall i tusen)						
Grunnskole	14,051	15,129	16,364	17,486	17,558	16,894
Pleie og omsorg	22,864	27,176	25,541	26,411	25,456	25,926
Barnevern	2,800	2,833	2,103	2,265	3,004	2,786
Barnehage	11,605	10,945	11,705	10,310	11,115	10,841
Kommunehelse	5,467	3,737	3,804	3,929	4,377	4,701
Sosiale tjenester	3,459	2,496	6,044	3,634	3,849	4,171
Kultur og idrett	1,949	1,659	2,424	882	2,319	3,109
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	525	1,009	1,200	968	1,074	1,212
Adm, styring og fellesutgifter	6,475	5,846	5,328	4,986	6,481	6,280
Andre områder	4,735	3,315	4,776	3,330	3,618	3,126
- Brann og ulykkesvern	1,150	979	1,487	1,025	1,207	1,144
- Kommunale boliger	309	264	-65	491	139	378
- Samferdsel	2,175	1,152	2,100	1,108	1,483	1,496
- Næringsforv. og konsesjonskraft	374	78	323	-78	-129	-751
- Landbruk	114	88	114	122	123	139
- Kirke	613	754	817	662	795	720
Totalt	73,930	74,144	79,290	74,201	78,850	79,046

3.2 ORGANISASJON

3.3 Politisk organisasjon:

I 2023 vart det gjennomført kommunestyre- og fylkestingsval. Valet vart gjennomført med førehandsrøysting i Sykkylven bibliotek og i Servicetorget. På valdagen vart det halde valting i tre krinsar; i Straumgjerde, på Ikorntnes og i Aure sentrum. I tillegg vart det tatt imot røyster i heimar (ambulerande røysting) og på BUAS.

Odd Jostein Drotninghaug (SP) var ordførar og Birgitte Bonesmo (H) var ordførar i perioden 2019-2023.

Etter kommune- og fylkestingsvalet vart ny ordførar Olav Harald Ulstein (FrP), og ny varaordførar Jarle Strømmegjerde (H).

Kommunestyret består av 29 medlemmar og formannskapet av 9 medlemmar. Desse var etter valet fordelt på partia slik:

Parti	Kommunestyret	Formannskapet
Framstegspartiet	9	2
Senterpartiet	6	2
Høgre	5	2
Upolitisk (etter at ein repr frå Høgre melde seg ut)	1	1
Arbeidarpartiet	4	2
Venstre	2	0
Sosialistisk Venstreparti	1	0
Kristeleg Folkeparti	1	0

I tillegg har Sykkylven kommune to politiske hovudutval under kommunestyret som er oppretta for å arbeide med avgrensa saksområde.

Levekårsutvalet består av 9 faste medlemmar

Levekårsutvalet behandlar saker innan kultur, skule, barnehage, helse og omsorg.

Nærings- og utviklingsutvalet består av 9 faste medlemmar

Nærings- og utviklingsutvalet handsamar saker vedkomande planar og regulering.

Politiske saker	2021	2022	2023
Kommunestyret	95 (8 møte)	92 (9 møte)	106 (8 møte)
Formannskapet	119 (16 møte)	107 (15 møte)	117 (14 møte)
Levekårsutvalet	44 (7 møte)	50 (9 møte)	44 (7 møte)
Nærings- og utviklingsutvalet	88 (10 møte)	63 (7 møte)	57 (7 møte)

Kontrollutvalet:

Består av 5 medlemmar, og er kommunestyret sitt eige reiskap for å sikre at den kommunale verksemda skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutval sekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Sykkylven kommune.

Rådgjevande organ:

Kommunen har desse rådgjevande organa, som har rett til å uttale seg i alle saker som angår dei. I tillegg kan råda ta opp saker på eige initiativ:

- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Rådet for personar med funksjonsnedsettingar


Politiske saker (PS) og RS saker	2021	2022	2023
Eldreråd	23 PS (5 møte) 17 RS	21 PS (5 møte) 15 RS	23 PS (5 møte) 8 RS
Rådet for personar med funksjonsnedsettingar	21 PS (4 møte) 14 RS	21 PS (5 møte) 17 RS	36 PS (7 møte) 14 RS
Ungdomsrådet	28 PS (6 møte) 7 RS	24 PS (5 møte) 5 RS	17 PS (4 møte) 8 RS



[Her](#) finn du meir informasjon om den politiske organiseringa, råd og utval, om møter i 2023 og dei ulike sakene dei handsama.

3.4 Administrativ organisasjon:

Figur 12 viser den administrative organisasjonsstrukturen til Sykkylven kommune.



Figur 12 Organisasjonsstruktur – kommunalområde, einingar, avdelingar og fagområde pr. 01.08.2023

3.4.1 Våre tilsette

I 2023 hadde Sykkylven kommune følgende fordeling av tilsette:

Tabell 2 Oversikt over årsverk og tal tilsette i Sykkylven kommune pr. 01.10.2023.

Eining	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Årsverk alle	Tal tilsette menn	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette alle
Oppvekst	39,24	167,95	207,19	43	181	224
Helse, omsorg og velferd	25,86	171,04	196,9	34	253	287
Kultur	6,1	2,68	8,78	12	7	19
Tekniske tenester	17,05	11,89	28,94	40	14	54
Sentral-administrasjon	6,5	22,5	29	7	24	31
Totalt	94,75	376,06	470,81	136	479	615

Lærlingar	0,5	2	2,5	1	4	5
-----------	-----	---	-----	---	---	---

3.4.2 Lærlingar

Kommunen er open for å ta i mot studentar i praksisordningar både i oppvekst- og helsesektoren samt IT. Vi er også i gang med å få Sykkylven kommune godkjent som lærlingbedrift for kokkelærlingar. Mottak av lærlingar gir positiv effekt for våre eigne tilsette som i mange tilfelle får fagleg oppdatering og utfordring, og er eit verkemiddel med tanke på rekruttering.

Det ligg føre eit politisk vedtak på at Sykkylven kommune til ei kvar tid skal ha minst 11 lærlingplassar til disposisjon (K-sak 57/06). Kommunen hadde pr. 31.12.2023 fem lærlingar; to i barne- og ungdomsarbeidarfaget, to i helsearbeidarfaget og ein IT-lærling.

3.4.3 Kompetanse og rekruttering

Tabell 3 Oversikt over tilsette over og under 50 år og 60 år pr. 2022 og 2023.

Aldersfordeling	01.10.2022	01.10.2023
Tilsette under 50	314	313
Tilsette over/lik 50	324	307
Tilsette under 60	519	502
Tilsette over/lik 60	112	118

I 2023 var 50,5 % av arbeidsstokken under 50 år mot 51,5 % i 2022. Samla i kommunen er 19 % over 60 år i 2023 mot 17,7 % i 2022.

Innanfor oppvekstsektoren er berre 18 % over 60 år i 2023, der det er ingen over 60 år i Vikedalen barnehage og svært få ved Aure barneskule. I helsesektoren er det om lag likt – der 18,5 % var over 60 år i 2023. Det er flest over 60 år i Bu – og rehabiliteringstenestene (24 %).

Kommunen har, som dei siste åra, utfordring med å rekruttere fagkompetanse. Med den demografiske utviklinga og færre som flyttar til bygdene vil dette bli ei enda større utfordring med åra. Ein ser at talet på kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar går ned og dette er ein tendens som har vore i nokre år allereie. Det er tredje året kommunen er med på «Bli med hit» - messe, som har som føremål å rekruttere personar til Møre og Romsdal.

3.4.4 Sjukefråvær

Samla sett hadde kommunen eit sjukefråvær på 9,4 %. Det er ein nedgang frå 2022, der det er korttids-, eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær som minkar. Tabell 4 viser oversikt og utvikling for samla sjukefråvær i kommunen.

Tabell 4 Oversikt over samla sjukefråvær (i %) 2023 og føregåande år.

Periode	Total prosent				Korttids		Langtids		Eigenmeldt		Legemeldt	
	2020	2021	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023
Jan	10,1	9,2	11,1		3,1		8,1		1,9		9,3	
Feb	11	8,4	15,5		6,7		8,8		5,1		10,5	
Mars	4,9	9,7	13,3		4,9		8,4		3,2		10	
1. kvartal	11,2	9,3	13,5	9,6	4,8	3,2	8,8	6,4	3,4	2,2	10,1	7,4
Apr	9	10,5	10,5		2,4		8,2		1,6		8,9	
Mai	8,6	9,9	10,1		1,9		8,2		1,2		8,9	
Juni	8,4	7,7	9,9		1,8		8,1		1,1		8,8	
2. kvartal	8,8	9,4	10,01		2		8,1		1,3		8,8	
1. halvår	10,1	9,5	11,9	9,8	3,4	2,3	8,5	7,5	2,4	1,6	9,5	8,2
Juli	5,4	5,6	6,7		0,7		5,9		0,2		6,5	
Aug	5,5	6,7	6,9		1,6		5,4		0,6		6,3	
Sept	7,4	9,6	8,7		2,2		6,5		1,5		7,2	
3. kvartal *	6,3	7,4	7,6	9,1	1,4	1,9	6,2	7,1	0,8	1,3	6,7	7,7
Okt	7,7	10,4	7,6		2,5		5,1		1,4		6,2	
Nov	9,1	11,1	9,1		2,7		6,4		1,8		7,2	
Des	9,1	10,9	9,2		3,3		5,9		2		7,2	
4. kvartal	8,8	11	8,8		2,8		6		1,9		6,9	
2. halvår	7,6	9,4	8,2		2,1		6,1		1,4		6,8	
Total for året	8,8	9,5	10	9,4	2,7	2	7,3	7,5	1,9	1,4	8,1	8

Einingvis fordelar sjukefråværet seg slik:

Tabell 5 Sjukefråværet i einingane

Einingar:	År - 22	År - 23
Blakstad naturbarnehage	14,3	15,9
Ullavik barnehage	9,8	7,2
Vikedalen barnehage	15,3	20,7
Aure barneskule/SFO/Gardsskulen		7,8
Aure skule/SFO/Gardsskulen	12,8	6,6
Ullavik skule/SFO	5,8	5,5
Vik skule/SFO	4,7	3,6
Sørestranda skule/SFO	9,5	10,9
Ungdomsskulen og VO	10,6	9,5
Barne- og familietenestene	8	6,4
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	12,3	12,9
Heimetenestene	9,1	12,9
Bu- og rehabiliteringstenestene	12,8	11,3
Helse: Tenestek., legetenester, komm.lege	16,2	
Legesenter/legevakt		5,9
Tenestekontoret		17,6
Kultureininga	3,2	1,0
Tekniske tenester	5	1,3
Eigedom		8,6
Kommuneleiing/rådgj./øk./løn og pers	7,0	
Fellestenestene	7	3,6
Stab - Fellesten/øk/ løn og pers/rådgj		4,9
Kommuneleiing		0,6

* Eigedom - tala er for aug/sept

* Stab oppretta som nytt område frå

01.08.2023

Ein ser i tabell 5 at sjukefråværet har gått litt ned frå 2022 i fleirtalet av einingane, medan fleire av dei store einingane har fått auka fråvær.

3.4.5 Likestilling og diskriminering:

I Sykkylven kommune sin lønspolitiske plan blir det slått fast at Sykkylven kommune, både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, har fokus på likestilling mellom kjønna. Det er eit mål å ha ein lønspolitikk som tek vare på og fremmer likestilling mellom kjønna. Kommunen treng medarbeidarar med rett fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Det skal leggast vekt på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert. Sykkylven kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar. 79,8 %, ein oppgang frå 78,92 % i 2022, av årsverka i kommunen blir utført av kvinner, og i tal utgjer kvinner 77,9 % av dei tilsette. Det er færrest mannlege tilsette innan helse og omsorg, der berre 11 %, ein nedgang frå 2022 på 12,28 %, av dei tilsette er menn. Innan tekniske tenester er det framleis flest menn med 74 % i 2023 mot 77,36 % i 2022.

Sykkylven kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

I tråd med «Lov om likestilling og forbod mot diskriminering» skal alle arbeidsgivarar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søkje å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Sykkylven kommunen vil på grunnlag av dette, arbeide aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.

Sykkylven kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå blir verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Kvar medarbeidar i Sykkylven kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsette andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggjande eller audmjukande.

Arbeidsmiljøet i kommunen skal vere prega av god dialog og eit godt ytringsklima. Det skal vere takhøgde for å diskutere og å kome med ulike syn og konstruktiv kritikk. Når ein har rom for ulikheit, betyr det at vi kan handtere saker og konflikhtar saman, og kjem fram til løysingar som partane kan leve med. Eit godt ytringsklima bidreg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg.

I Sykkylven kommune er ein verna når ein ønskjer eller er nøydd til å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

3.4.6 Heiltidskultur

Etter Hovudtariffavtalen kapittel 1 § punkt 2.3.1 følger det at hovudregelen i kommunesektoren er at det skal tilsettast i heiltidsstillingar. Føremålet med heiltidsstillingar er fleire. For tilsette er det mellom anna høgare løn, betre pensjon og forutsigeleg kvardag. Medan det for arbeidsgjevar handlar til dømes om stabilitet og kontinuitet.

Arbeidsgjevar har, saman med tillitsvalte, stort fokus på at det er mest mogleg heiltidsstillingar som blir lyst ut i Sykkylven kommune. Det er

endring i regelverket som gjer at det skal gjennomførast ei drøfting med tillitsvalte kvar gong det skal lysast ut ei deltidstilling. Arbeidsgjevar har, som i 2022, arbeid vidare med å få med tilsette med deltidstillingar til å omskulere seg gjennom fagbrev på jobb. Frå 2022 til 2023 er det om lag likt i forhold til heiltids – og deltidstillingar.


Tabell 6 Oversikt over tal heiltidsstillingar og deltidstillingar i 2022 og 2023.

Årstal	Heiltidsstillingar	Deltidsstillingar
2022	320	313
2023	311	309

3.4.7 Avvik

I 2023 vart det totalt meldt 400 avvik i Sykkylven kommune. Avviksmeldingane fordeler seg mellom kommunalområda og avviksområda som vist i figur 13. Dei fleste avvika som blir meldt er knytt til kommunalområde helse, noko som gjenspeiler ein god avvikskultur i dette kommunalområdet.

Fordelinga mellom avviksområda viser at dei fleste avvika som er meldt er knytt til tenestekvalitet, deretter HMS, og ein mindre del av avvika gjeld personvern og informasjonssikkerheit. Alle avvik som blir meldt gjennom avvikssystemet blir følgt opp og behandla av aktuell leiar. Det blir jobba kontinuerleg med å sette fokus på avvik og bygge ein god avviks- og forbetringskultur i heile kommunen.



Figur 13 Meldte avvik per kommunalområde i 2023, og fordeling mellom avviksområda.

3.4.8 ROS-analyser

I 2023 vart det i Sykkylven kommune gjennomført 17 ROS-analyser av ulike tema. Nokre av analysane vart gjennomført på bakgrunn av tilsyn, men dei fleste vart gjennomført i samband med generelt førebyggjande arbeid. Til dømes har det blitt gjennomført ROS-analyser i forkant av planlagde aktivitetar som omorganisering, samanslåing av skular og kommuneval. I tillegg er det kartlagt og risikovurdert ulike tema innanfor HMS, tenestekvalitet og personvern.

ROS-analysane har resultert i tiltak som er nedfelt i handlingsplanar. Tiltaka vert følgt opp i systemet Whatif, der ein har kontinuerleg oversikt over status på tiltak, om dei er pågåande, gjennomført eller forfalt. Risikobiletet kan endre seg etter gjennomførte tiltak, og ein kan då opne ROS-analysene i systemet og jobbe vidare med dei etter kvart som det er behov for dette.

3.4.9 Tenestekvalitet

Det har blitt jobba jamt med tenestekvalitet i 2023. Kommunalområde helse har ei godt etablert kvalitetsgruppe som har jobba med ulike felles forbetningsområde. Arbeid med forbetring av tenestekvalitet heng tett saman med oppfølging av avvik og gjennomføring av risikovurderingar. Det har vore lunsjkurs for tilsette i kommunalområde helse, med ulike tema.

Innanfor kommunalområde oppvekst er det ikkje etablert ei kvalitetsgruppe på tvers av einingane, men kvar eining har jobba med aktuelle tema. Som følge av omorganiseringa har det tatt tid i 2023 å få landa nye strukturar i oppvekstsektoren, og kommunalområdet har ikkje vore modent for ei felles kvalitetsgruppe. Dette er noko som skal gjennom ei ny vurdering i 2024.

Stab har hatt ansvar for fleire prosjekt og tiltak som har heva kvaliteten for alle tenestene i Sykkylven kommune: Krav om universell utforming og

tilgjengelegheitserklæringar, heilskapleg styring, digitalisering av rekrutteringsprosessen, omorganisering av Sykkylven kommune, innføring av digital frukost med intern kursing i ikt-relaterte tema.

Elles har det blitt jobba med oppdatering, revisjon og utarbeiding av rutinar og prosedyrar innanfor alle kommunalområde.

I samband med innføring av heilskapleg styring i 2023, har det blitt endringar i korleis det systematiske arbeidet med kvalitet og forbetningsarbeid blir følgt opp. Mellom anna har kvalitetsutvalet blitt avvikla. Dette betyr ikkje at vi har slutta å jobbe med kvalitet, men at oppfølging av kvalitetsarbeidet no blir ivaretatt gjennom det heilskaplege styringssystemet.

3.4.10 Personvern og informasjonssikkerheit

Sykkylven kommune kjøper teneste som personvernombod gjennom IKA Møre og Romsdal. I 2023 gjennomførte IKA Møre og Romsdal ei endring av organiseringa til personvernombodstenesta. Ein direkte konsekvens av denne omorganiseringa vart at Sykkylven kommunen ikkje lenger har ein fast kontaktperson i tenesta. Personvernombodet til Sykkylven kommune er no organisasjonen IKA Møre og Romsdal, som per i dag er dekt opp av tre tilsette personvernombod.

Sykkylven kommune hadde eitt statusmøte med personvernombodet i februar 2023, i tillegg til at personvernombodet deltok på leiinga sin gjennomgang av personvern og informasjonssikkerheit i november. Ut over desse møta, har det vore tett kontakt mellom kommunen og personvernombodet i samband med meldte personvernavvik. Personvernombodet har tilgang til kommunen sitt kvalitetssystem, og får automatisk varsel dersom det blir meldt personvernavvik gjennom avvikssystemet.

Kommunen skal varsle Datatilsynet dersom det har skjedd eit brot på personopplysningssikkerheita og det er sannsynleg at brotet vil medføre ein risiko for den registrerte sine rettar og friheiter. Det vart i 2023 ikkje rapportert inn personvernavvik i Sykkylven kommune som ga grunnlag for å varsle Datatilsynet.

Datatilsynet gjennomførte i 2023 brevtilsyn med 93 kommunar og 5 fylkeskommunar. Sykkylven var ikkje blant dei som vart plukka ut for tilsyn, men med grunnlag i det varsla tilsynet, gjennomførte kommunen ein eigen kontroll med interne rutinar og kontroll med personvern. Dette arbeidet resulterte i oppdatering av fleire rutinar, og utarbeiding av nokre nye. I tillegg har behandlingsprotokollar blitt gjennomgått, eit arbeid som held fram i 2024. Personvern har vore tema på fleire leiarmøte i 2023.

Personvern og informasjonssikkerheit er eit område som blir følgt opp gjennom ulike aktivitetar i årshjulet for heilskapleg styring.

3.4.11 Samfunnssikkerheit og beredskap

Krigen i Ukraina og flyktningsituasjonen som følgje av denne heldt fram gjennom 2023. Det har framleis vore jamlege møte med departement og direktorat, og også møte med statsforvaltar. Omfattande arbeid med oppfølging, busetting og tilrettelegging av ulike tenester og tiltak har vore utført og koordinert av flyktningsstenesta. Andre tenester har blitt involvert etter dei behova den enkelte har. Busettingsarbeidet har blitt gjennomført i nært samarbeid med kommunalsjef oppvekst.

Beredskapsrådet hadde sitt årlege møte i juni, der ein gjekk gjennom status for beredskapsområde og samarbeidsaktørar som er aktuelle for samfunnsberedskapen. Hovudinnlegget denne gongen var ved Sivilforsvaret, FIG-leiar i Stranda/Sykkylven orienterte om fredsinnsettsgruppa som er etablert her, med i alt 24 personar. Om ressursar og kva dei kan bidra med.

Det er brukt ein del tid på å implementering og lære bruken av nytt krisestøtteverktøy, som vi får tilgang til via Statsforvaltaren. Etter 12 år er no DSB-cim bytta ut med eit system som heiter Rayvn. Heile kriseleiinga er inne som brukarar, og det ser ut til å vere eit godt og nyttig verkty for rask og god kommunikasjon ved ei hending, både internt i kriseleiing og administrasjon, med statsforvaltaren og med andre aktørar og nabokommunar som det kan vere behov for å samhandle med i ei hending/krise.

I slutten av oktober var det samhandlingsøving mellom politi, helse, legar i Stranda og Sykkylven. Scenario var trafikkulykke der farleg godstransport var involvert og fleire alvorleg skadde pasientar. Sjølve øvinga vart gjennomført i Velledalen og kriseleiinga deltok frå formannskapssalen.

Beredskapsøvinga i regi av Statsforvaltaren – Fårikål 2023 – vart gjennomført i januar 2024. Fokus var det nye krisestøtteverktøyet, lære og bruke funksjonalitet i dette. Scenario var kraftig auke i flyktningmottak på kort varsel.

Omsorgsberedskapen – psykososialt kriseteam var ikkje aktivert i hendingar i 2023.

Det har vore arbeidd med beredskapsplanverket generelt.

Når det gjeld planverket som gjeld Åknes har vi halde fram nært samarbeid med dei andre Åknes-kommunane, med samordna oppdatering av kommunane sitt eige planverk. Vidare har Fylkeskommunen i 2023 starta arbeidet med oppdatering av deira sin trafikkberedskapsplan, som

gjeld stenging av vegar i samband med ei ev. Åknes-hending, og her er kommunane også med, saman med politi og statsforvaltar, og deltek i vurderingane for å kome med lokale innspel, og for å samordne og gjere like vurderingar for heile området.

3.4.12 Tiltak for å sikre høg etisk standard

Sykkylven kommune har utarbeidd etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Desse ligg til grunn for både tilsette og folkevalde si rolleutøving. Gode mellommenneskelege tilhøve, respekt, språk og veremåte som ikkje støyter nokon unødig, er forankra i dei etiske retningslinjene. Retningslinjene er av overordna karakter, og er ikkje detaljerte reglar. Dei hjelper oss til å orientere oss i livet, utvikle samvit og handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i jobbsituasjonen og i arbeidet som folkevald. Retningslinjene gir rettleiing og klare råd om kva type åtferd som vert forventet av oss, i kva situasjonar. Sykkylven kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptrer skikkeleg i all si verksemd. Dei etiske retningslinjene blir derfor ei viktig brikke i kommunen sitt heilskaplege etikkarbeid, der etisk refleksjon skal verte forankra i arbeidskvardagen, både i organisasjonen og politisk. Etikkarbeidet bidreg til betre kvalitet på tenestene. Det bidreg også til å fremme eit godt arbeidsmiljø og stimulerer til jobbengasjement. Dei etiske retningslinjene skal reviderast i 2024.

3.4.13 HMS

HMS-mål for kommunen for 2023: Sjukefråværet skal reduserast med årsgjennomsnittet for 2018.

Aktivitetar i HMS – arbeidet i 2023

Tabell 7 Oversikt over HMS-aktivitet i kommunen i 2023.

AMU	Det blei gjennomført 2 møter i AMU i 2023. Etter retningslinene til AMU skal det vere minst 4 møter pr. år. På grunn av omorganisering av kommunen vart det ikkje halde møter våren 2023.
Mini-AMU	Det ligg føre retningsliner for mini-AMU der det går fram at det skal vere minimum 4 møter pr. år i forkant av AMU-møta. Det skal vere maksimalt 5 deltakarar, men dei største einingane har meldt at det er behov for fleire deltakarar.
IA-utvalet	I 2023 var det 2 møter. På grunn av omorganisering av kommunen vart det ikkje halde møter våren 2023.
AKAN-utvalet	I løpet av 2023 har det vore 3 møter i AKAN-utvalet. Tema på desse møta har vore korleis gjere AKAN synlegare, gjennomgang av reglement og rutinar samt arbeid med å få til ein AKAN-dag. Hovudverneombod og to av AKAN-kontaktane har vore på kurs.
Bedriftshelseteneste	Sykkylven kommune har også i 2023 nytta BHT i Sykkylven som leverandør av bedriftshelseteneste. Alle fast tilsette og vikarar med prosentvis stilling i kommunen er innmeldt.
Verneteneste	Anne Berit Flote Myhre har vore hovudverneombod for 2023 (nyval hausten 2023). I løpet av 2023 vart det tatt ein gjennomgang av verneområda og det vart vedtatt av AMU å redusere verneområda frå 26 i 2021 til 22 i 2023 på grunn av mellom anna omorganisering og samanslåing av skular. I årsrapporten på heilskapleg styring svarer samtlege av leiarane at det er gjennomført vernerunde i deira eining/avdeling. Unntaket er Aure barneskule som var nyoppstarta i oktober 2023 og som ein ikkje såg det som naudsynt å gjennomføre vernerunde før i 2024.
Medarbeidarsamtalar og medarbeidarundersøking	Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøking sidan 2021. I 2023 vart det bestemt i AMU at ein gjennomfører medarbeidarundersøking kvart tredje år, slik at einingane får arbeidd grundigare med resultatata frå undersøkinga før det blir gjennomført ny medarbeidarundersøking.

Ulykker og nestenulykker

Tabell 8 Oversikt over ulykker og nestenulykker i perioden 2013 – 2023.

År	Tal ulykker
2013	13
2014	14
2015	19
2015	5
2017	7
2018	7
2019	9
2020	8
2021	14
2022	7
2023	8

3.4.14 Statlege tilsyn

Sykkylven kommune fekk to tilsyn frå Arbeidstilsynet i 2023:

Bu og rehabiliteringstenestene, avd Ura:

- Tilsyn med korleis det blir jobba systematisk med HMS for å forebygge arbeidsrelaterte psykiske plager og muskel- og skjelettplager. Hovudtema i tilsynet var knytt til ergonomiske, organisatoriske og psykososiale forhold i arbeidet. Kommunen fekk ingen pålegg i samband med dette tilsynet, og saka er avslutta.

Sykkylven kommune administrasjon:

- Kommunen sin kontroll med lønns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarar i verksemder som utfører tenester og arbeid for

kommunen. Tema for tilsynet var korleis kommunen gjennomfører nødvendig kontroll med inngåtte kontraktar, kven kommunen inngår kontraktar med, og innhaldet i kontraktane knytt til lønns- og arbeidsvilkår. Tilsynet resulterte i eitt pålegg knytt til kontroll med inngåtte kontraktar. Pålegget er oppfylt, og saka er avslutta.

I tillegg til tilsyna frå Arbeidstilsynet, vart det gjennomført tilsyn med barnehagane i Sykkylven kommune, etter forskrift om miljøretta helsevern:

- Kommunen er tilsyns- og godkjenningmyndigheit etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. som regulerer barna sitt arbeidsmiljø. Kommunen v/kommuneoverlegen oppretta i 2023 tilsyn ved barnehagane i Sykkylven. Tilsynet førte mellom anna til ei kartlegging av støy og inneklimate ved Preg barnehager. Tilsynssaka er framleis open, i påvente av at kommunen får tilsett ny kommuneoverlege for fullføring av saka.

3.4.15 Forvaltningsrevisjonar

Følgande einingar var gjenstand for forvaltningsrevisjon i 2023:

- BUAS: Revisjon knytt til vederlagsbetaling (Møre og Romsdal revisjon)

3.4.16 Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunane rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar.

Kommunebarometeret er ikkje nokon fasit på kvaliteten i kommunale tenester, men gir eit bilete på kor Sykkylven kommune står samanlikna med andre kommunar.

I 2023 kom Sykkylven på 87.plass av landet sine 356 kommunar. Av Møre og Romsdal sine 27 kommunar kom Sykkylven på 6.plass. Sykkylven kommune klatra 57 plassar oppover på kommunebarometeret, i forhold til 2022-rangeringa.

Tabell 9 viser oppsummert resultat for Sykkylven kommune i 2023, samt for 2022, 2021 og 2020. Tala er henta frå pdf-utgåvene til kommunebarometeret, der tala er korrigert for inntektsnivået til kvar enkelt kommune. Merk at rangeringane i realiteten viser til resultat frå føregåande år.

Tabell 9 Sykkylven sine rangeringar i Kommunebarometeret

Sektor	Sektoren si vektning i kommunebarometeret	Rangering 2023	Rangering 2022	Rangering 2021	Rangering 2020
Rangering		87	144	78	108
Grunnskule	20 %	188	210	197	222
Pleie & omsorg	20 %	82	190	66	105
Barnevern	10 %	221	236	240	305
Barnehage	10 %	79	83	212	304
Helse	7,5 %	76	65	204	165
Sosialtenester	7,5 %	80	21	7	3
Kultur	2,5 %	312	304	322	375
Miljø og ressursar	2,5 %	193	87	43	62
Saksbehandling	2,5 %	157	258	35	172
Vatn og avløp	2,5 %	222	42	44	55
Økonomi	10 %	237	117	233	324
Kostnadsnivå	5 %	66	89	131	87

For meir detaljert informasjon, sjå [Kommunebarometeret 2023](#)

Kommunebarometeret som forbetningsverktøy.

Kommunebarometeret vert nytta som eit verktøy i forbetring av kommunale tenester. Etter at kommunebarometeret vert publisert i august, går einingane gjennom sine sektorar i kommunebarometeret i dialog med kommuneleiinga, og legg ein plan for kva slags nøkkeltal ein bør jobbe vidare med for å forbetre tenestene.

Nøkkeltala i kommunebarometeret er tema i styringsdialogane som går føre seg mellom kommuneleiing og einingsleiar i september.

4 KOMMUNALOMRÅDA

Overordna mål

Gjennom oppdragsbrevet for 2023, vart det sett følgande overordna mål for alle kommunalområda:

MÅL	1. ØKONOMI: Innbyggerane i Sykkylven kommune får gode tenester innanfor det kommunen har av tilgjengelege ressursar
	2. LIVSKVALITET: Innbyggerane i Sykkylven opplever god livskvalitet gjennom dagleg meistring.
	3. KLIMA OG MILJØ: Innbyggerane i Sykkylven bur i ei kommune som står fram som eit tydeleg førebilete når det gjeld å bidra til positiv utvikling innanfor klima- og miljø
STRATEGI	ØKONOMI 1.1 Vi omstiller drifta i samsvar med prinsippa vedtatt i budsjett 2023. 1.2 Vi etablerer ny organisasjonsstruktur i 2023, med mål om å framleis kunne gje gode tenester til innbyggjarane innanfor det vi har av tilgjengelege ressursar. 1.3 Vi bidrar der vi kan for å stimulere til innflytting og bulyst, samt vekstmoglegheiter for næringsliv.
	LIVSKVALITET 2.1 Vi fokuserer på førebygging, tidleg innsats og folkehelse i alt vi gjer, i tråd med kvalitetsreforma Leve Hele Livet og i samsvar med Sykkylven kommune si heilskaplege innsatstrapp. 2.2 Vi stimulerer til sosiale møteplassar og frivilligheit 2.3 Vi skaper eit mangfaldig samfunn med fokus på likeverd og inkludering
	KLIMA OG MILJØ 3.1 Vi tenker arealeffektivitet og sambruk i alt vi gjer 3.2 Vi praktiserer energisparing, gjenbruk og reduksjon i forbruk 3.3 Vi praktiserer klimavenlege transportval og innkjøp

Måla i oppdragsbrevet vart tatt med ut i einingane, der kvar eining utarbeidde sine strategiar for å nå felles overordna mål.

Som ein del av oppdragsbrevet for 2023, vart desse fellesprosjekta jobba med for å sikre tverrfagleg innsats mot overordna mål:

Prosjekt	Status 2024
Heilskapleg styring i Sykkylven kommune	Fullført
Ny organisasjonsstruktur	Fullført
Heilskapleg innsatstrapp i alle tenester i Sykkylven kommune	På vent
Attraktive kommunale barnehagar og skular	Restarta
Digitalisere rekrutterings- og tilsettingsprosessen	Under arbeid
Oppdatert standard for nye krav om tilgjengelegheit til nettsider og mobilapplikasjonar skal implementerast i organisasjonen	Fullført, men kontinuerleg arbeid.
Oppgradering av Acos WebSak	Fullført
Utarbeiding av klimaplan og klimabudsjett	Restarta

I tillegg til dei definerte fellesprosjekta i oppdragsbrevet, har det også blitt jobba med andre prosjekt i kommunen. To av dei største pågåande prosjekta blir nemnt her:

- Omstillingsprogrammet
- Tettstadutvikling

4.1 Oppvekst

2023 var prega av omstilling og strukturendringar. Blakstad barnehage, Ullavik barnehage og Vikedalen barnehage vart slått saman til éi eining med felles leiing, og etter fleire års planlegging vart ny sentrumsskule ein realitet. Aure skule, Ullavik skule og Vik skule vart lagt ned, og Aure barneskule vart opna i oktober 2023.

Kommunalområde oppvekst omfattar einingane

- Sykkylven kommunale barnehagar
- Aure barneskule
- Sørestranda skule
- Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring
- Barne- og familietenestene

BARNEHAGE

Tenesteområdet omfattar tre kommunale barnehagar i tillegg til kommunal administrasjon for barnehage, minoritetsspråklege barn, barn med nedsett funksjonsevne og barn med rett til spesialpedagogisk hjelp. Desse siste områda inkluderer også barn i private barnehagar. Tenesteområdet omfattar også ulike felles satsingsområde for barnehagane, t.d. kompetanseutvikling, symjeopplæring/tilvenning i vatn og Solid Start Sykkylven.

Minoritetsspråklege barn

Utviklinga med stadig større andel minoritetsspråklege barn held fram. I 2023 var 28,5% av barnehagebarna i Sykkylven minoritetsspråklege. Størst andel minoritetsspråklege er det ved Tryggheim barnehage (38,2%) og Blakstad naturbarnehage (36,0%).

Talet på barnehagebarn

I desember 2023 var det registrert 319 barnehagebarn i Sykkylven. Dette er om lag på nivå med året før, og alt mykje tyder på at nedgangen i barnetalet no har stoppa opp. Som følgje av Etter nedlegging av to kommunale barnehagar er det knapt 60% som går i ein privat barnehage. Tidlegare var barna om lag likt fordelt mellom private og kommunale barnehagar. Alle som søkte barnehageplass, fekk plass.

Spesialpedagogisk hjelp

Talet på barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp gjekk ned frå 20 til 13 barn frå 2022 til 2023. I løpet av dei siste tre siste åra har kostnaden blitt redusert med om lag 2,2 million kroner. Kommunen forsøker i større grad å konsentrere hjelpa rundt dei barna som har størst behov, samtidig som ein ønsker å vri den spesialpedagogiske hjelpa frå utstrekt bruk av assistenttimar (ofte ufaglærte) til meir konsentrert bruk av pedagogar/spesialpedagogar. Innføringa av ordninga med at PPT har faste trefftider ute i barnehagane er blitt svært godt mottatt. Målet er å ha meir fokus på tilrettelegging og systemretta arbeid rundt barn med særskilte behov, slik at behovet for vedtak om spesialpedagogisk hjelp går ned. Såleis kan ein styrke «laget rundt barnet» innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det blir lagt særleg vekt på å auke kompetansen blant personalet i høve barn med språklege vanskar, slik at ein større del av desse utfordringane kan løysast av barnehagane på eiga hand.

Nedsett funksjonsevne

Samtidig som omfanget av spesialpedagogisk hjelp har gått ned, er det ein auke i talet på barn som får vedtak om ekstra ressursar grunna nedsett funksjonsevne. Kostnaden knytt til dette auka med over ein halv million kroner frå 2022 til 2023, og er ein tendens som synest å halde fram i 2024.

Kompetanseutvikling

Fleire av barnehagane er med i den regionale ordninga for kompetanseutvikling (ReKomp). Dette er ein modell for barnehagebasert kompetanseutvikling der heile personalet er involvert, med Høgskulen i Volda som fagleg samarbeidspartar. Barnehagane vel sjølve kva tema dei ønsker å ha hovudfokus på. Samtidig vert det jobba med implementering av BTI/BTS-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats/Samhandling) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målet er både å styrke det førebyggjande arbeidet og sikre betre samordning mellom tenestene i oppvekstsektoren.

Redusert foreldrebetaling

Ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid er svært viktig for familiar med låg betalingssevne. I 2023 var det 35 barnehagebarn (ca 11%) som hadde rett på reduksjon i betalinga. Dette hadde ein kostnad på om lag 850 000 kroner. Dei siste par tre åra har tendensen vist ein nedgang i behovet.

Foreldreundersøking

Kvart andre år gjennomfører dei kommunale barnehagane ei stor foreldreundersøking. Dei nyttar eit standard skjema frå utdanningsdirektoratet der foreldre/føresette får høve til å seie si meining om barnehagane på ei rekkje ulike område. Resultata dei siste åra er gjennomgåande svært gode, men undersøkinga var ikkje gjennomført i 2023. Ny foreldreundersøking er planlagt hausten 2024.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2023	2023	2023	2022
Barnehage				
BARNEHAGEADM	2 169 320	1 743 500		1 714 076
SPECIALPEDAGO GIKK BARNEHAGAR	7 019 883	6 608 300		6 783 418
BLAKSTAD BARNEHAGE	5 016 842	4 481 700		4 414 362
ULLAVIK BARNEHAGE	8 582 058	7 453 500		6 516 867
VIKEDALEN BARNEHAGE	9 188 118	8 678 900		8 085 115
PRIVATE BARNEHAGAR	34 809 863	35 320 200		30 826 769
SUM	66 791 614	64 286 100	2 505 514	59 447 604

Årsak til resultat:

- Kostnad ved oppretting av ny avdeling ved Ullavik barnehage.
- Auka behov for spes. ped.
- For lågt budsjetterte lønsutgifter.

For 2024 skal budsjettet vere i tråd med gjeldande driftsnivå.

4.1.1 Sykkylven kommunale barnehagar inkl. spes.ped. teamet

Blakstad naturbarnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	9,4	12	14,3
2023	7,7	10	16,6
Ullavik barnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	11	13	9,8
2023	15	19	7,8
Vikedalen barnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	14	16	15,3
2023	13,7	19 + lærling	22,9
Sped. ped. team	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2023	8,8	9	Ikkje spesifisert

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Året som har gått har vore eit år prega av endring. Vi har nok ein gong stått i ein nedbemanningsprosess, både som ein konsekvens av at Vik og Tandstad barnehagar har vorte lagt ned dei siste åra, og at vi no fekk ein barneskule i sentrum i staden for tre. Samstundes var 2022 starten på ei omorganisering for alle einingane i kommunen. For barnehagane har dette ført til at fleire har fått endra oppgåver, og vi har gått frå å vere tre små einingar til ei stor som no også inkluderer spes.ped.teamet for barnehagane som tidlegare var lagt til Barne- og familietenestene. Vi er langt i frå i hamn, men har kome godt i gong med å gå frå dei til oss.

Moglegheiter og utfordringar framover

Dei kommunale barnehagane leverer gode tenester til om lag 140 barn og deira familiar. Vi jobbar kvar dag med å bli betre og ser ingen grunn til at vi skal kunne levere minst like godt som andre. Vi har eit godt personale med høg kompetanse. Utfordringa vår vil vere å oppnå eit enno større nærvær i kvardagen, eller sagt på ein annan måte – å få redusert sjukefråværet. Dette har vi god tru på at vi skal få til, men det vil ta tid. Vi har initiert eit samarbeid med NAV og ser fram til at vi kan få god effekt av dette på litt sikt.



Figur 14 Bjørnis blir tatt godt imot av borna ved Blakstad naturbarnehage



Figur 15 Det spirar og gror i Vikedalen barnehage



Figur 16 Ullavik barnehage på tur til Eliasgården

4.1.2 Grunnskulane og SFO:

Etter samanslåing av tre barneskular har vi no to kommunale barneskular, ein ungdomsskule og vaksenopplæring. Kommunen har også økonomisk ansvar for spesialpedagogikk og skuleskyss på dei to friskulane.

Bygging og ferdigstilling av ny sentrumsskule, Aure barneskule, har hatt fullt fokus i 2023. Arbeidet starta opp i november 2021, og skulen blei opna i oktober 2023. Prosessen har vore særers vellukka, og både framdrift og kostnader har vore under kontroll. Frå skulestart i august og fram til opninga hadde ein alternativ drift der dei nye klassene starta opp på tre ulike skulebygg i august og flytta inn i det nye skulebygget i midten av oktober.

Talet på elevar

Dei kommunale skulane har totalt 812 elevar pr. 1. oktober 2023 (GSI). Dette er ein nedgang på 7 elevar frå året før. 491 elevar gjekk på 1.-7. trinn og 321 elevar på 8.-10. trinn. Til samanlikning gjekk 72 elevar på Velledalen Montessoriskule og 40 elevar på Hundeidvik privatskule.

Utviklingsarbeid

Strategiplan for skuleeigar gir tydelege rammer for kvalitetsarbeidet i grunnskulen og ansvarsfordelinga for alle nivå i det kommunale systemet. Den har også ein tiltaksdel som legg føringar for korleis skuleeigar, skuleleiar og undervisningspersonalet skal følgje opp strategiar for å nå hovudmålet: *Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle.* Fagfornyninga har også dette året vore sentralt i arbeidet ved skulane.

Trygt og godt skulemiljø

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Sykkylven kommune er MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg på ungdomstrinnet. Den årlege elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser at dei aller fleste elevane har det trygt og godt på skulen, men at det også er elevar som har utfordringar. Tverrfagleg samarbeid på dette området er viktig, dette gjeld t.d. samarbeid med helsetenestene, PPT og barneverntenesta. Den nye BTI-rettelearen (Betre Tverrfagleg Innsats) er viktig i dette arbeidet, og implementering av dette systemet er ei prioritert oppgåve.

Kompetanseheving

Kommunen kan i utgangspunktet tilby kompetanseheving innanfor ulike ordningar; Kompetanse for Kvalitet-ordninga til Utdanningsdirektoratet, søknad om utdannings- og rekrutteringsstipend for PPU/PPU-Y, rektorutdanning, lærarspesialistutdanning og Kompetanse Norge sine tilbod, i tillegg til lærlingordningar. 8 lærarar deltek t.d. dette skuleåret på ordninga «Kompetanse for kvalitet». Dette tilfører kommunen over 1 million i støtte til vikarar for dei som tar utdanning.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2023	2023	2023	2022
AURE SKULE	8 650 530	8 600 000		16 142 844
SØRESTRANDA SKULE	12 887 610	12 608 900		14 912 241
ULLAVIK SKULE	7 996 309	7 950 000		14 791 226
VIK SKULE	6 823 051	7 050 000		11 986 580
AURE BARNESKULE	21 111 013	17 870 000		
UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING	34 548 661	32 496 700		32 887 701
FELLES FOR SKULANE	14 456 769	10 221 400		12 463 540
BARNE- OG FAMILIETENESTENE	50 382 430	49 000 400		41 266 047
SUM	156 856 372	145 797 400	3 265 509	100 632 895

Årsaker til resultat:

- Spesialundervisning andre skule – for lågt budsjettert, i tillegg til auka behov.
- Kostnader i høve mellombels drift ved tre skular før innflytting i ny sentrumsskule (ringbuss).
- Høgt sjukefråvær (vanskar med rekruttering av eksterne vikarar medførte auka overtidsutgifter).
- Barneverntenesta – kostnadskrevjande saker, samt auka eigendel til institusjonar/statlege tenester.

- Lønsoppgjeret 2023 – auka løns- og pensjonsutgifter, samt at det i omstillingsprosessen blei prioritert personale med høgast ansiennitet og løn.

Budsjettet for 2024 skal vere tilpassa til gjeldande driftsnivå. Drifta er utfordrande, spesielt med tanke på auke i talet på elevar med behov for tilpassa undervisning.

4.1.3 Aure barneskule/SFO

Aure barneskule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022 (samla for tre skular)	67,3	79	8,3
2023	61,3	69	6,6

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Eininga er ny og starta opp i august 2023. Leiargruppa var våren 2023 delvis fristilt for å bygge organisasjonen Aure barneskule. Det har vore lagt ned eit omfattande arbeid opp mot elevar, føresette, klasser og tilsette for å sikre ei strukturert, trygg og god flytting og samanslåing av tre skular og kulturar. Elevane starta opp på tre ulike skulebygg i august og flytta inn i det nye skulebygget i midten av oktober. Dei tilsette har pakka ned og flytta dei tre skulane og installert seg i nytt flott skulebygg. Skulen har hatt fokus på inkludering og å bygge ein ny felles kultur blant tilsette og elevar, mellom anna gjennom innføring av eit to-lærarsystem der alle elevar i større grad enn før får opplæringa si i klassa. Vi ønsker å bygge ein kultur der inkludering av elevar med særskilde behov vert flagga høgt, og der heile skulen famnar om desse.

Moglegheiter og utfordringar framover

Skulen har fokus på inkludering og å bygge ein ny felles kultur blant tilsette og elevar, mellom anna gjennom innføring av eit to-lærarsystem der alle elevar i større grad enn før får opplæringa si i klassa. Vi ønsker å bygge ein kultur der inkludering av elevar med særskilde behov vert flagga høgt, og der heile skulen famnar om desse.



Figur 17 Elevar ved Aure barneskule jobbar med oppgåver



Figur 18 Naturfagstime ved Aure barneskule

4.1.4 Sørestranda skule/SFO

Sørestranda skule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	20,6	24	9,5
2023	16,1	17	10,9

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Sørestranda skule/SFO starta skuleåret 2023/24 med færre tilsette totalt, 2 nye miljøterapeutar, ny leiing og berre 3 elevar i 1.klasse. Når heile personalgruppa bidreg til at alle tilsette trivst er store endringar mogleg og spennande. Vi brukar mini-AMU, medarbeidarsamtalar og samarbeidstid til å oppretthalde og vidareutvikle profesjonsfellesskapet på Sørestranda skule/SFO. Vi vektlegg at det skal vere kort veg mellom leiinga og dei tilsette på skulen/SFO. Alle skal føle seg velkomne til skulen/SFO og skulen skal vere ein møteplass for alle. Vi har allereie invitert til 2 førskuletreff m/kveldsmat. Målet er at flest mogleg born vil begynne på Sørestranda skule/SFO. Til hausten kjem det truleg 15 elevar i komande 1.klasse og det er vi svært glade for.

Moglegheiter og utfordringar framover

Moglegheiter og utfordringar framover

Vi jobbar heile tida for at skulen skal vere attraktiv for elevar, føresette og tilsette. Vi har flotte elevar, dyktige tilsette ein fantastisk skule. Det er også naudsynt når ein veit det blir større konkurranse om elevane sitt skuleval i åra som kjem. Skulen har også dei seinaste åra hatt utfordringar med høgt sjukefråvær, men vi greidde i løpet av hausten 2023 å redusere sjukefråværet mykje. Det gir positive ringverknader for heile skulen.



Figur 19 Elevar ved Sørestranda skule i djup konsentrasjon

4.1.5 Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring

Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	48,9	53	10,6
2023	46,6	55	9,5

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Ungdomsskulen har framleis eit nært samarbeid med Sykkylven vidaregåande skule, og vi har i 2023 hatt felles tema på utviklingsarbeid om korleis gi tilbakemeldingar som aukar læringa i fag. Administrasjonen hadde jamlege samarbeidsmøter. Skulen mottok også i 2023 midlar til prosjektstillingar knytt til LOS-ordninga for å forhindre skulefråvær. Viktig med fokus på korleis vi kan få ned det ufrivillige skulefråværet framover saman med barnehage/barneskule for å sikre overgangane og vere oppmerksame på tidlege teikn. Det er ulike og samansette årsaker til at dette oppstår, og det tek gjerne til i tidleg alder. Ungdomsskulen må også halde oppe trykket på arbeidet mot mobbing- ein hadde ein 1% auke i mobbetala for 2023. Det er trendar i tida t.d. problemstillingar knytt til Tik Tok/Snapchat/nettmobbing som ein også ser på ungdomsskulen. Ein har 0-visjon og jobbar for det. Skulen har lav terskel for å undersøke og opprette aktivitetsplanar.

Skulen kjøpte i 2023 inn eit sett med Chromebook til nye 8. klasser – 100 stk. i 2023 – til ca. 450 000 kr. Chromebook er eit rimelegare alternativ enn PC - men ein ser dei varer mykje kortare. Utsifting av desse også langsmed i skuleåret når dei blir øydelagde er ein stadig problematikk. Når det gjeld Fagfornyninga er vi snart i mål med lærebøker, kombinert med ulike digitale læremiddel, og vi har kome godt i mål med

modulplanane og sikrar dermed at alle får opplæring etter kompetansemåla.

Vaksenopplæringa har teke imot svært mange nye elevar også i 2023 - hovudsakleg ukrainarar. Ein har hatt 3 kveldskurs med hovudsakleg betalingselevar og ukrainarar på utvida rett. Det er færre ukrainarar enn ein trudde som nyttar seg av den utvida retten til 6 månader ekstra norskundervisning. Variasjonar i deltakartalet på kveldskurs heng saman med konjunkturane elles samfunnet. Ein stor del av personalet har teke og tek no vidareutdanning i norsk som andrespråk via ordningane til KFK og Kompetanse Norge. Avdelinga har med andre ord eit svært kompetent personale. Skuledagen for flyktningane er på mange måtar ein positiv fristad og viktig sosial arena. Personalet som tek imot elevane kvar dag gjer ein stor innsats, ikkje berre i å undervise i norsk, men også eit viktig integreringsarbeid. Til saman har avdelinga omlag 100 elevar hausten 2023.

Utfordringar og moglegheiter framover

Vaksenopplæringa: I høve til arealet- mange små klasserom, stort fråvær i personalgruppa (både kort og lengre), lite tilgang på vikarressursar. Dette set noko begrensing for fleksible ad-hoc-løysingar som kunne vore meir driftseffektive og innanfor totalramma både økonomisk og pedagogisk forsvarleg, samtidig vanskeleggjer det langsiktig planlegging knytt til undervisningsform, klasseinndelingar og timeplanarbeidet. Det er spennande med stor auke av deltakarar, gir meir rom for fleksibilitet og nye løysingar som kan tene både avdelinga som arbeidsplass og læringsutbyttet til deltakarane. Arbeid med innføring av nye læreplanar opnar opp for å tenke nytt og å omstrukturere undervisningsmetodar og kan også vere positivt i eit langsiktig rekrutteringsperspektiv. Avdelingane har som mål å ha tettare samarbeid, for å skape ein meir robust og fleksibel organisasjon, og VO har teke

initiativ til eit SNO-nettverk på same måte som spes.ped. nettverket ein har i grunnskulen.



Figur 20 Ein kjekk gjeng som får undervisning ved vaksenopplæringa

Ungdomsskolen: Ressursmessige utfordringar: Stor andel elevar med tilråding og vedtak. Mange elevar med behov for 1:1 oppfølging, og fleire elevar med behov for individuelle tilpassingar. Til dels stort sjukefråver, men vi ser at sjukefråværet går langsamt nedover sidan coronaperioden. Moglegheiter: Utviklingsarbeid saman med barneskulane og Høgskulen i Volda om Tilpassa opplæring – korleis tilpasse for fleire elevar innanfor klasserommet. Ny Opplæringslov frå 1.8.2024 – endringar i

spesialundervisning og tilrådingar. Vi har saman med PPT sett på nye former for organisering av det som er mogleg innanfor våre rammer. Utvikle moglegheitene med alternativ opplæringsarena då vi ser at meir praktiske innslag i skuledagen er godt og motiverande tilbod for mange elevar. Avdelingane har som mål å ha tettare samarbeid, for å skape ein meir robust og fleksibel organisasjon.



Figur 21 Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring

4.1.6 Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2022	33	36	8,0
2023	32,8	36	6,4

Eininga femner om fleire viktige tenester for barn, unge og deira familiar: helsestasjons- og skulehelseteneste, jordmorteneste, PPT, barnevernteneste, flykntingteneste og familieteam. Tenestene har ulike lovverk, men arbeider i all hovudsak mot same målgruppe: barn, unge og deira familiar. Eininga har stort fokus på førebygging og tverrfagleg innsats. Laget rundt barnet og samarbeid til barnet og familiens beste er felles satsingsområde i heile oppvekstsektoren.

Helsestasjonen

Helsestasjonen, jordmor og skulehelseteneste følgjer anbefalt helsestasjonsprogram i nasjonalfaglege retningsliner. I tillegg har ein fokus på foreldrerettleiing og tilbyr COS-gruppe både på dagtid og kveldstid. Jordmor har oppfølging av gravide, og stort sett alle gravide nyttar seg av tenesta, og har fått tilbod i samsvar med retningsliner. Jordmor har tilbod om samlivskurset "Godt samliv" i samarbeid med Familieteamet. Skulehelsetenesta har treftid ved alle skulane i kommunen. Det opplevast større pågang og meir alvorlege og komplekse utfordringar. Treftid på skulane er utvida og finansiert gjennom årlege prosjektmidlar. Helsestasjon for ungdom (HFU), har ope ein ettermiddag i veka gjennom heile skuleåret. Helsestasjon har også eigen kontaktperson inn mot flykntinghelse, også finansiert gjennom årlege prosjektmidlar. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er ei gjennomgåande teneste frå barnehage, gjennom grunnskulen til vidaregåande opplæring i kommunen.

Dette er med på å sikre god heilskap og samanheng i opplæringa for den enkelte elev. Det har vore ei auke i tal på oppmeldingar til PPT frå dei ulike instansane. Frå barnehage ser vi at mange av meldingane er innanfor språkvanskar. Frå skule er det hovudsak innan merksemd, skulefaglege utfordringar og åtferd. Ulike pedagogiske metodar og eleven si stemme inn i dette arbeidet er viktige fokusområde. Overgangar mellom ulike instansar for barn/elevlar med ulike utfordringar kan ofte vere vanskeleg for mange, og godt samarbeid mellom instansane er avgjerande. Tenesta har starta prosessen kring innføring av ny Opplæringslov. Her vil det krevje tett samarbeid med resten av oppvekstsektoren framover.

Barneverntenesta

Barneverntenesta har hatt fokus på kjerneoppgåvene, som mottak av meldingar, gjennomføring av undersøkingar og tiltaksarbeid. Oppfølging av born og unge i fosterheim og på institusjon er også prioritert arbeid. Barnevernsreforma med oppgåveoverføring frå statleg barnevern er implementert. Det har vore ei auke i talet på høgkonfliktsaker mellom foreldre som ikkje bur saman, og det er stort behov for tiltak med familierterapi. Vidare ser vi ei auke i saker der barn er vitne til vald i nære relasjonar eller sjølv er utsett for vald frå nære relasjonar. Ved starten av året endra barnevernstenesta si organisering og gjekk frå generalistmodell til spesialistmodell. Det inneber at i staden for at alle tilsette jobbar med alle typar arbeidsoppgåver, er det no to tilsette som jobbar berre med undersøkingarbeid, og resten har ansvar for tiltak, ettervern og fosterheimsarbeid.

Flykntingtenesta

Flykntingtenesta har busette 69 flykntingar i 2023 – alle frå Ukraina, og ved utgangen av 2023 hadde tenesta oppfølging av om lag 170 flykntingar totalt. Takka vere stor innsats og godt samarbeid med opplæringscenteret,

NAV og frivillige organisasjonar ser dette arbeidet ut til å ha gått svært bra. Det deltok 70 personar i introduksjonsprogrammet. Det er krevjande å finne praksisplass som høver for kvar einiskild flyktning, men fleire har hatt praksis i kommunale tenester som bibliotek, barnehage, skule og BUAS. Ein har også godt samarbeid med lokalt næringsliv som har vore sær positive til å legge til rette for gode praksisperiodar. Av dei 40 personane som har avslutta introduksjonsprogrammet dette året har 30 personar gått over i arbeid. NAV har vore ein viktig samarbeidspart i dette arbeidet. Tilsette i tenesta har deltatt i kurs i regi av IMDi om eit meir arbeidsretta fokus av introduksjonsprogrammet.

Familieteamet

Familieteamet er eit nyoppretta lågterskeltilbod som tilbyr støtte og rettleiing til familiar med barn og ungdommar (0-18 år) eller til gravide så tidleg som mogleg og før vanskane vert for store. Familieteamet er tverrfagleg samansett og familiar som opplev vanskar i kvardagen kan ta direkte kontakt med teamet.

Vi har ikkje lukkast med å rekruttere psykolog for barn og unge i 2023. Dette arbeidet vil halde fram også i 2024. Målet må vere å få etablert eit psykisk helsetilbod for barn og unge som eit bindeledd mellom og supplement til dei førebyggjande tilboda i førstelinjetenesta og behandlingstilboda i spesialisthelsetenesta (BUP).



Figur 22 Familieteamet i Sykkylven kommune

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Etablering av familieteam har vore prioritert, dette i tråd med prinsipp om tidleg innsats og førebygging. Ein har omdisponert ressursar og teamet er no etablert med faste medlemmer og tverrfagleg representasjon. Responsen har vore positiv og fleire familiar/instansar har tatt kontakt med familieteamet.

Elles har det vore stort fokus på å implementere BTI-modellen i lag med heile oppvekstområdet. Ein er godt i gang og rammeverket er klart, men det gjenstår ein del på bygging av felles fagleg plattform/ felles fagleg tilnærming og etablering av gode rutinar i dei ulike nivåa.

Eininga har også arbeidd mykje med eit interkommunalt prosjekt i lag med Helse Møre og Romsdal og BUP i høve samhandlingsforløp om barn og unge sine helsetenester. Her er det omfattande kartlegging i alle tenester som arbeider mot målgruppa, med mål om rolleavklaring og plassering av ansvar. Dette har ført til sju konkrete handlingsforløp for dei ulike diagnosane og avklaring av forventning/ansvar mellom kommune og spesialisthelseteneste.

Barneverntenesta har tatt over statlege oppgåver i høve fosterheimsarbeid. Oppgåvene er implementert, men auka kostnadsnivå medfører utfordringar, m.a. knytt til kompetanseheving i eigne hjelpetiltak. Barneverntenesta har organisert seg etter spesialistmodell med undersøkings- og tiltaksteam. Det har vore noko lågare tal på meldingar, men sakene er langt meir alvorlege og komplekse enn før, og ein større del av sakene gjeld vald. Det er få saker med mistanke om overgrep. Det er krav om masterutdanning i barneverntenesta frå 2031. Dei tilsette er i gang med kompetanseheving og vidareutdanning for å imøtekomme kravet. Av kompetanseheving i 2023 har barnevernleiar fullført vidareutdanninga jus i barnevernfagleg arbeid. Ein tilsett starta hausten 2023 på master i barnevernsarbeid og ein byrja på vidareutdanning innan relasjonskompetanse. Dei to familierettleiarane har byrja på PYC-sertifisering (Parenting Young Children), medan to av kontaktpersonane har fullført COS-P sertifisering. Kompetanseheving legg ekstra press på den daglege drifta i barnevernstenesta.

Flyktningtenesta har handtert ein stor auke i busetting av flyktningar. Kommunen har tatt i mot og busett omlag 80 stk. Dette har vore ein

krevjande, men vellukka prosess. Det er etablert godt samarbeid med frivillige organisasjonar og biblioteket om aktivitetar som leksehjelp, språkkafé og svømmeopplæring. Alle flyktningar som har eller ventar får ICDP opplæring som ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet.

PPT har etablert faste trefftider i skular og barnehagar, og det vart etablert spes.ped-team i samarbeid med skulane våren 2023. Det er eit stort fokus på systemarbeid og rutinar, samt på tidleg innsats og tidlege tiltak. Dette må det jobbast vidare med i 2024, spesielt med bakgrunn i ny opplæringslov. PPT har i 2023 utdanna to tilsette innan Dysmate, ei metode for kartlegging dysleksi. Vidare har to tilsette har hausten 2023 byrja på Masterutdanning innan spesialpedagogikk.

Skulehelsetenesta opplever stor pågang i trefftida både på barneskule, ungdomskule og vidaregåande skule. Vi snakkar om svært komplekse saker. Helsestasjonen har snart fullført kompetanseheving for å bli ammekyndig helsestasjon, og det blir gitt COS-P kurs til alle nybakte forelde (foreldrerettleiing) på dagtid, og tilbod til alle foreldre på kveldstid. Det er også gjennomført opplæring i Sov Godt og Godt samliv, to lågterskeltilbod for småbarnsforeldre/ førstegongsforeldre.

Helsestasjonen har undervisning i psykisk helse for 8. trinn. Det er svært stor pågang i trefftider både på barneskule, ungdomskule og vidaregåande skule, og vi snakkar om svært komplekse saker. Helsestasjonen har snart fullført kompetanseheving for å bli ammekyndig helsestasjon, og det blir gitt COS-P kurs til alle nybakte forelde (foreldreveiledning) på dagtid, og tilbod til alle foreldre på kveldstid.

Moglegheiter og utfordringar framover

Ein opplever auka krav til tenestene. Utfordringsbiletet er meir komplekst og samansett. Ressursknappheit gjer det vanskeleg å prioritere og vidareutvikle det førebyggjande arbeidet, då ressursane blir bundne opp til oppfølgingsarbeid. Det er behov for meir trefftid ut i einingane for å oppdage tidleg. Som kommune kan og må vi ha felles fokus og fagleg plattform for å oppdage og avhjelpe skeivutvikling tidleg. Vi må lage laget rundt barnet/familien uavhengig av sektor/teneste.

Både denne eininga og andre einingar som arbeider med barn og unge, melder om eit stort behov for ein eigen psykolog for denne gruppa. Det er derfor lyst etter psykolog for barn og unge, og dette heng også saman med ønsket om å vidareføre samarbeidet mellom PPT og fylkeskommunen om kjøp av lokale tenester.

Førebygging av utanforskap er eit av dei viktigaste prioriteringane framover. Det er mange årsaker til at utanforskap oppstår; omsorgssvikt, fattigdom, manglande integrering, psykiske vanskar, einsemd, rus, mobbing, nedsett funksjonsevne, langvarig fråvær og fråfall i utdanning. Tidleg innsats, gode barnehagar og skular, foreldrestøtte og å redusere barnefattigdom/låginntektsfamiliar er tiltak vi veit verkar mot utanforskap.



4.2 Helse

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2023	2023	2023	2022
401 - BUAS	56 677 909	56 165 140	512 769	56 820 844
402 - HEIMTENESTENE DISTRIKT	62 894 590	58 524 800	4 369 790	56 785 465
404 - NAV KOMMUNE	5 670 121	6 021 300	-351 179	5 222 569
406 - BU- OG REHABILITERINGS TENESTENE	53 539 395	49 612 400	3 926 995	47 092 985
407 - TENESTEKONTOR	4 692 372	3 320 660	1 371 712	5 193 198
408 - SYKKYLVEN LEGESENTER	27 068 686	26 555 000	513 686	29 035 615
SUM	210 543 073	200 199 300	10 343 773	200 150 676

Årsak til avvik samla for sektoren

- Nye ressurskrevjande tiltak
- Bruk av vikarbyrå
- Bruk av overtid grunna sjukefråvær og vanskar med rekruttering

I 2023 har helsesektoren arbeidd med omstilling og endring av struktur. Avdeling for førebygging og meistring vart flytta administrativt frå eininga Helse og velferd til Heimtenestene. Tenestekontoret vart ei sjølvstendig avdeling ikkje lenger knytt til ei av einingane. Helse og velferd skal vidare heite Sykkylven legesenter med ansvar for all legeteneste i kommunen.

Det er avgjerande at vi no har fokus på korleis vi skal greie å tilby tenester på det rette nivået. For å kunne redusere behovet for meir omfattande tiltak, vert det også viktig at vi arbeider med kva for buform som vil bidra til meir sjølvstende og meistring i eigen heim framover, og som vil utsette behovet for meir inngripande tiltak på eit høgare nivå i omsorgstrappa.

Heilskapleg innsatstrapp er eit viktig reiskap når vi skal planlegge tenestene våre: *Målet er å styrke dei låge trinn i trappa, ved å gjere viktige grep øvst i trappa.*

Tidleg innsats

Ideen bak Heilskapleg innsatstrapp bygger på at vi skal ha fokus på å førebygge meir framfor å reparere. Då er tidleg innsats svært viktig, og fokus framover må vere å knytte ulike satsingar og prosjekt inn mot å etablere lågterskeltilbod, auke samhandling med frivillige, og sikre målretta innsats på lågare trinn.

Rekruttering av helsepersonell har vist seg å vere utfordrande, med ei låg arbeidsløyse i kommunen. Lite tilgang på helsepersonell gjorde arbeid med både tilstrekkeleg kompetanse og til å halde budsjetta krevjande. Kompetanse ute i tenestene er viktig og det har vore mange tiltak for å sikre å rekruttere, sikre kompetansehevande tiltak og med mål om å behalde godt kvalifisert personell over tid.

Kvalitet i tenestene

Oppretting av kvalitetsgruppe på tvers av helseeiningane, har bidrege til eit stort løft i kvalitetsarbeidet, og bidreg til ein samla innsats.

Deltaking i Helsefellesskapet, i lokalt samhandlingsutval og fleire andre samhandlingsarenaer skal bidra til at kommunane og spesialisthelsetenesta planlegg og utviklar helsetenestene meir saman i regionen. Dei som skal prioriterast er:

- barn og unge
- alvorleg psykisk sjuke
- pasientar med fleire kroniske lidingar
- skrøpelege eldre

Hjelpemiddel

At barn får eit tilpassa hjelpemiddel, som kan gjere at dei kan delta sosialt og meistre på lik linje med andre barn på same alder bidrar til inkludering. Det kan vere både tilpassa sykkel, støtte til kommunikasjon og andre velferdsteknologiske løysingar.

Avlastande tenester

Ulike tilbod om avlastning til pårørande, som står i krevjande omsorgsoppgåver er særskild viktig. Det har vore mange gode tilbakemeldingar frå takksame pårørande som ikkje hadde klart å stå i situasjonen om dei ikkje fekk det tilbodet.

Einingane som sikrar kommunen sine helse, omsorgs- og velferdstenester er:

Tenestekontoret og koordinerande eining sakshandsamar og gjer vedtak og utfører tenester til både barn, unge, vaksne og eldre innbyggjarar på tvers av kommunalområde og einingar. Tidleg og rett innsats er eit hovudfokus i tenestene.

Legetenesta omfattar legesenter, interkommunal legevakt og institusjonslege.

Bu- og rehabiliteringstenesta omfattar psykisk helse og rus tenester, butenester til vaksne og til eldre med ulike funksjonshindringar og utviklingshemming, og som får ambulante tenester eller som bur i bustader med heildøgns omsorg. Tenesta sørvar også barne- og avlastande tenester i institusjon, privat avlastning, støttekontakt og dagtilbod og dagaktivisering til både personar med psykiske helseutfordringar og personar med funksjonshindringar og utviklingshemming.

Bu- og aktivitetssenteret omfattar sjukeheim, skjerma avdelingar for personar med demens, og bustader for eldre med behov for heildøgns omsorg, produksjonskjøkken og vaskeri.



Figur 23 Sykkylven bu- og aktivitetssenter

Heimetenestene omfattar etter omstillinga hausten 2023, heimebasert omsorg, dagsenter for eldre, dagsenter for demente, korttids- og rehabiliteringsavdeling inklusiv palliativ og KAD, avlastande tenester, støttekontakt for eldre, førebygging og meistring (ergoterapi, fysioterapi, hjelpemiddel) og felles natt for både bu- og aktivitetssenteret og heimebasert omsorg.

NAV som også er vertskommune for Stranda kommune arbeider heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver. Det kommunale tenesteperspektivet for NAV inneheld minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan, opplysning, råd og rettleiing. NAV jobbar med oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb, eller til å skaffe seg arbeid. Prioriterte målgrupper er ungdom, langtidsledige og flyktningar

4.2.1 Tenestekontor og koordinerande eining

Fram til omorganiseringa i september 2023 hadde tenestekontoret også ansvar for kommunal ergoterapi og fysioterapi teneste, velferdsteknologi, hjelpemiddel og frivilligsentralen, samt ansvar for oppfølging av fysioterapeutar med driftstilskot.

407 - TENESTEKONTOR	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	3,4	4	1,60 %
2022	7,3	8,0	8,40 %
2023	3,6	4,0	21,8 %

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Tenestekontoret (TK) har hatt fokus på å få til gode kartleggingar og vurderingar, slik ein får tildelt rett teneste, i rett omfang og gitt til rett tid. Dialog med pasientar, brukarar og pårørande er eit viktig innsatsområde. TK har også hatt eit stort arbeid med endring av vedtak, slik at vedtak og teneste stemmer overeins, dette har særleg vore knytt opp imot bu- og

rehabiliteringstenestene. Resultatet av det arbeidet kan også vere av økonomisk art, som ressurskrevjande brukarar.

Tidleg innsats er eit viktig innsatsområde, der alle fagområde er involverte. Dette har vi som tema, både på tverrfaglege møter, personalmøte, fagmøte med meir. Raskt inn med kartlegging og tverrfaglege vurderingar, både på dei som er innlagt sjukehus, og dei som er på korttidsopphald. Dette gir resultat i færre ligge døgn på og færre bøter på utskrivingsklare pasientar. Det har vore arbeid godt gjennom heile året med å redusere tal på utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Mot slutten av året fekk kommunen ei auke i tal utskrivingsklare pasientar som ein ikkje klart å ta tilbake til kommunen innan fristen. Ei av årsakene til dette kan vere at kommunen i same tidsrom reduserte tal heildøgns plassar på Buas. Ved tenestekontoret vart det i 2023 gjort om lag 800 enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester til innbyggjarar i kommunen.

Moglegheiter og utfordringar framover

Moglegheiter til å utvikle tenestene med god tverrfagleg samhandling. Ein har kome langt i den prosessen allereie, med Velferdsteknologi, innsatsteam, tenestekontor, tverrfaglege møter og vidare utvikling av det gode pasientforløp, som blir eit stort og viktig mål for 2023/24. Det kan blir ei utfordring, med tanke på omstilling, å «dreie» tenestene og innsatsen til dei lågaste nivåa i innsatstrappa. Om ein kutter i «toppen» av trappa, utan å tilføre/endre dei lågaste trinna, kjem det til å krevje mykje av vår avdeling. Koordinerande eining vil ha eit fokus på opplæring, rutinar og prosedyrar i forhold til individuell plan (IP), ansvarsgruppe og koordinatorrolla, både barnekoordinator og ordinær koordinator. Det vil framover vere behov for å fordele koordinatorrolla meir ute i einingane, som vil gi tenesta moglegheiter til å bruke meir tid på system og

opplæring, samt at vi får bruke tida til å gjere gode kartleggingar, vurderingar og evalueringar og bruke tid til oppfølging i dei mest komplekse sakane.



Figur 24 Tenestekontoret består av desse dyktige damene.

4.2.2 Heimetenestene

Etter omstillinga hausten 2023, omfattar heimetenesta heimebasert omsorg, dagsenter for eldre, dagsenter for demente, korttids- og rehabiliteringsavdeling inklusiv palliativ og KAD plass, avlastande tenester, støttekontakt for eldre, førebygging og meistring (ergoterapi, fysioterapi og hjelpemiddel) og felles natteneste for både bu- og aktivitetssenteret og heimebasert omsorg.

402 - HEIMETENESTENE DISTRIKT	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	49,9	76	9,0%
2022	54,6	83	9,1%
2023	53,5	79	11,8%

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Heimetenestene har i 2023 arbeidd godt med å behalde og rekruttere fagfolk til faste stillingar, ekstravakter og helgestillingar. Avdelingsleiarar har fullført vidareutdanning i helseleing. Auka fysioterapiressurs på korttid/rehabiliteringsavdelinga har ført til betre tilbod, samt at det har vore betre samhandling med innsatsteamet. Målet er heile tida at brukarane skal mestre kvardagen betre i eigen heim og det er eit mål å bygge på kvar enkelt sine ressursar og eigenmeistring gjennom fokuset "Kva er viktig for deg". Ein ser god resultat med denne satsinga.

I heile 2023 har ein prøvd ut ulike måtar å tilby aktivitet/avlastning for personar med demens og deira pårørande. Ei viktig satsing som så langt har gitt gode resultat. Ein ser eit stort behov for avlastande tenester som er tilrettelagt for den enkelte og tett oppfølging av deira pårørande. Ein

har ikkje hatt pårørandeskule i år. Kommunen har gitt dette tilbodet kvar 2. år.

Tidleg innsats er eit viktig innsatsområde, der alle fagområde er involverte. Dette har vi som tema, både på tverrfaglege møter, personalmøte, fagmøte med meir. Raskt inn med kartlegging og tverrfaglege vurderingar, både på dei som er innlagt sjukehus, og dei som er på korttidsopphald.

Sterk og stødig, viser seg å vere eit godt tiltak for eldre når det kjem til førebygging, både med tanke på aktivitet og det sosiale fellesskapet.

Helsefremjande og førebyggjande heimebesøk for 80-åringar: Godt motteke, opplevast som veldig nyttig både for tenestene og for dei som mottek besøk. Det har vore utfordring å gjennomføre dette i 2023 på grunn av stort sjukefråvær.



Figur 25 Helsevesenet er alltid på jobb. Her er tilsette ved Heimetenestene på vakt 17.mai

Moglegheiter og utfordringar framover

Det er mogleg å skape gode arbeidsplassar med god fagleg kvalitet framover. Ei større oppgåvefordeling og endring ved måten å arbeide på, vert ei viktig satsing for å sjå kva som er mogleg å få til innanfor rammene. Både aktiv bruk av velferdsteknologi, samhandling på tvers av faggrupper og einingar vil kunne bidra til å utnytte tilgjengelege ressursar. Å vere ein lærande organisasjon der ein utviklar faget, ein god læringsarena for lærlingar og studentar, og for å sikre at heimetenestene framover er ein attraktiv arbeidsplass er eit viktig fokus framover.

Utfordringar er knappe ressursar og auka tal eldre som skal bu heime lengst mogleg. Auke i tal eldre med diagnosen demens utfordrar også tenestene framover. Tenesta vil fortsett med å utvikle avlastande tiltak for denne gruppa i åra framover. Viktige satsingar som aktivitetsven, pårørandeskule og sikre at vi har eit demensvenleg samfunn er avhengig av tilgjengeleg og nok kompetanse og tid til opplæring. For å kunne gjennomføre opplæring og kompetansehevande tiltak i tenester med tilsette i turnus er ein avhengig av å leige inn nok kvalifiserte vikarar. Knappe ressursar utfordrar.

Det er ei utfordring å få til eit godt system for oppfølging og Support av hjelpemiddeltekniske løysingar, då oppgåver frå NAV Hjelpemiddel i større grad blir lagt til kommunen enn tidlegare. Det er også behov for å sette Support av velferdsteknologi i system slik at det ikkje vert sårbart.

4.2.3 Sykkylven bu- og aktivitetssenter

Det meste av 2023 har gått med til å omstille drifta, tilpasse tal heildøgns plassar og reduksjon av tal tilsette til økonomisk ramme og ei meir heimebasert teneste. Det har til saman blitt redusert med 11 plassar og 7,5 årsverk.

401 - BUAS	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	66,7	117	11,9 %
2022	70,4	116	12,3 %
2023	63,2	109	13,3 %

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Eininga beskriv at det har vore utfordrande å ha nok kvalifisert personell tilgjengeleg, med fleire sjukepleiarar ute i permisjon, høgt sjukefråvær og vanskeleg å rekruttere inn vikarar. Ein har klart å løyse mange utfordringar med omfordeling av ressursar mellom avdelingane, og ein nyttar pensjonerte helsefagarbeidarar og sjukepleiarar, samt auka bruk av assistentar. Trass ned bemanning i omstillinga var det ingen som mista jobben, men løyst med naturleg avgang. Buas har eit stort mangfald av tilsette, og er praksisplass for mange ulike kategoriar som fagbrev, lærling, sjukepleiestudentar, elevar frå vidaregåande skule, språkpraksis, arbeidstrening frå NAV og Flyktingtenesta. Buas ser det som svært viktig å vere med og bidra til at fleire tek utdanning innan helsefag for å sikre nok personell i framtida. Arbeid med omdøme og å framstå som ein god arbeidsplass og praksisplass er viktige område å arbeide med også framover.

Moglegheiter og utfordringar framover

Eininga opplever at demografien med fleire med diagnosen demens og fleire multisjuka pasientar og meir aktiv behandling i kommunen, har auka behov for styrka kompetanse for alle tilsette. Moglegheiter ligg i å gjere tiltak for å behalde personell og utvikle kompetanse framover, og vurdere meir oppgåvefordeling og best mogleg bruk av sjukepleiarar. Ein har i 2023 starta prosess med å sette sjukepleiar i stab til å bistå alle avdelingar, dette skal implementerast i 2024. Dette gir og moglegheiter for kvalitetsutvikling og kompetanseheving. Det er også eit mogleg tiltak å arbeide vidare med forventningsavklaring til innbyggjarar, pasientar og pårørande.

Det er auka krav og forventningar til tilgang på legetenester, og utfordrande særleg for eldre som bur i bustader med heildøgnsomsorg, og som manglar fastlege. Det er eit behov for å samhandle meir med frivillige og utdanningsinstitusjonar, oppgåvefordele ut frå kompetanse, skape gode arbeidsmiljø med trygge arbeidstakar og ha god struktur i prosessar og utviklingsarbeid framover. Byggmassen utfordrar også effektiv drift, og det er behov for å sjå på korleis ein skal løyse desse utfordringane.

Det er auka krav og forventningar til at tenestene skal løyse meir komplekse oppgåver og meir spesialisert sjukepleie i møte med den multisjuka eldre og personar med demens. Dette gir utfordring knytt til å ha god nok kompetanse, til å rekruttere og behalde tilsette saman med at tenestene skal sikre opplæring, rettleiing til studentar, personell som tek fagbrev på jobb og bidreg til at vi må sjå på oppgåvefordeling framover.

4.2.4 Bu- og rehabiliteringstenestene

406 - BU- OG REHABILITERINGSTEN	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	52,2	72	9,7 %
2022	48,8	66	12,8 %
2023	48,9	67	11,3 %

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

I 2023 fekk tenesta nye utfordringar då det vart ei auke i tal barn med behov for omfattande tenester. Dette var det ikkje tatt høgde for i budsjettet. Med bakgrunn i dei nye tiltaka vart det oppretta ny avdeling, Barne- og avlastingstenester med eigen avdelingsleiar.

Det var endringar også i butenestene for vaksne. Fleire har funksjonsfall på grunn av aldersrelaterte sjukdommar, som fører til at fleire har auka behov for tenester og eit høgare omsorgsnivå. Dagens buform gjer det vanskeleg å ha ei effektiv drift med rett bruk av kompetanse. Eininga har tatt grep og starta planlegging av bufellesskap. Avdelinga er tilpassa personar med utviklingshemming som har eit stort behov for bistand. Den nye avdelinga er lokalisert i tilknytning til Buas og har plass til fem personar.

Men trass store utfordringar med oppretting av krevjande tiltak, mangel på personell, sjukefråvær og stor bruk av overtid, vikarar og mykje arbeid knytt til tilsyn med tenestene, fleire brukarar med omfattande behov, beskriv eininga at ein i 2023 likevel har fått til mykje. Det har vore fokus på å sikre tenester ut frå individuelle behov og eininga har hatt systematisk arbeid knytt til enkeltbrukarar med utfordrande åtferd, som ein ser positivt resultat av. Det er gjennomført fleire risikoanalysar som har ført til at det vert arbeidd meir systematisk og konkret med problemområda. Det vert beskrive at det er mange dedikerte tilsette som gjer ein framifrå innsats.

Moglegheiter og utfordringar framover

Det er definert at det er mange ueigna bustadar til fleire brukargrupper i tenesta. Eininga ser på dei moglegheitene som finst i å omstille til beste for brukarane og for å betre arbeidstilhøva for dei tilsette.

Barne- og avlastningsbustad: Å ta i bruk ny barne- og avlastningsbustad og samordne tilbodet vil kunne auke kvaliteten til bebuarane, skape ein meir attraktiv arbeidsplass og rekruttere kompetanse, samtidig som at ein vil kunne nytte ressursane meir berekraftig både økonomisk, sosialt og klimavennleg, denne vil stå ferdig hausten 2024. Vi arbeider for å utbetre

tilbodet til ungdom som ikkje kan vere aleine heime før/etter skuletid. Tilbodet er no samlokalisert på ungdomsskulen. Ei stor utfordring er å rekruttere personale til så kort arbeidstid og ein ser føre seg eit samarbeid med skulen her. Tiltaket skal arbeidast vidare med i 2024. Klokkartunet: Vert tatt i bruk våren -24, vi ser fram til moglegheitene dette kan gi, i form av eit betre og meir tilpassa tenestetilbod til brukarane, ein flott arbeidsplass for tilsette og ei betre fordeling av ressursane. Det kan dukke opp uventa omfattande behov som det ikkje er tatt høgde for i budsjettet. Det er ikkje alt ein kan planlegge for.

4.2.5 Sykkylven legesenter

408 - SYKKYLVEN LEGESENTER	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	18,6	22,0	16,90 %
2022	14,7	19,0	21,10 %
2023	16,4	21,0	5,8 %

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

I 2023 var det fokus på omstilling, omorganisering, stabilisering og rekruttering. Gjennom året har vi tilsett 5 fastlegar. Det er no fleire sjukepleiarar som har klinisk erfaring som skal jobbe både i legevakt og legesenteret, dette gir meir stabilitet i personalgruppa. Det har store delar av året vore nytta 3-4 legevikarar. Det har vore arbeidd hardt for å prøve å halde vikarkostnadane nede, og behovet for innleige av legevikarar er redusert frå tidlegare år. Det er låg vaktbelastning for fastlegane både i Sykkylven og Stranda, men det har likevel vore utfordrande å dekke legevaktslegane si kviletid laurdag og søndagar, og dermed har det vore

naudsynt å nytte vikarlegar også til dette arbeidet. Det har vore arbeid godt med å finne gode løysingar for vikarane, sikre inntekt, og det har vore stort fokus på å sikre kvalitet og internkontroll. Det har vore fokus på oppgåvedeling, der fleire oppgåver er delegert frå legar til hjelpepersonell som sikrar meir effektiv bruk av reine legeoppgåver. Målretta arbeid har vore å ha ei legeteneste som er tilgjengeleg for innbyggjarar som treng helsehjelp, og det har vore fokus på opplæring og spissa triagering (vurdering av hastegrad). Samhandling og tverrfaglege møteplassar er sikra gjennom faste personalmøte der ulike andre faginstansar har vore invitert inn for erfaringsdeling, og informasjon om korleis ein kan auke samhandling til det beste for innbyggjarane. Det har vore arbeid svært god med kvalitetsarbeidet for å sikre gode rutinar og god internkontroll.

Moglegheiter og utfordringar framover

Eit aukande tal eldre med fleire sjukdommar gjer at pasientane har behov for meir tid hos legen enn før. Ein opplever eit stort pasient trykk på legesenteret som kan vere utfordrande å handtere. 4 av fastlegane er under spesialist utdanning som gjer at ein må sette av tid og ressursar til dette. Det er framleis utfordrande å rekruttere fastlegar, noko ein arbeider kontinuerleg med. Det er stort fokus på å løyse dei daglege utfordringane tverrfagleg i tenesta. Digitalisering, oppgåvedeling og samhandling for å avlaste legane slik at dei har kapasitet til å ta imot fleire pasientar. Legesenteret har ei personalgruppe som er engasjert og motivert for faget som gir rom for gode samarbeid.



Figur 26 Nokre av dei dyktige tilsette ved legesenteret

4.2.6 NAV Sykkylven-Stranda

404 - NAV KOMMUNE	Årsverk pr 31.12.xx	Tilsette pr 31.12.xx	Sjukefråvær i %
2021	3,5	4	6,5 %
2022	4,0	5	3,2 %
2023	4,5	5	11,4 %

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Ein har i stor grad lukkast å bistå brukarar med arbeidsretta brukaroppfølging, samt oppfølging av arbeidsgivarar. Men ein ser at arbeid med integrering av ukrainske flyktningar har tatt mykje tid og har gått på føre anna oppfølging, samt meirarbeid knytt til sosialhjelp grunna dyrtid. NAV fekk i løpet av året ei ekstra stilling for å avhjelpe arbeidsmengda.

Moglegheiter og utfordringar framover

Samhandling på tvers av dei kommunale tenstene vil vere avgjerande for å lukkast med integrering av flyktningane, og det same for å lukkast med oppfølgingsarbeidet av ungdommane.

4.3 Samfunn

Nytt kommunalområde

Kommunalområde samfunn vart oppretta som resultat av omorganiseringsprosessen første halvår 2023. Ny organisering tredde i kraft 1.august 2023. I omorganiseringa vart kultur og teknisk samla i eitt område, samtidig som tidlegare teknisk eining vart delt inn i ei eigedomsavdeling og ei teknisk avdeling.

I eigedomsavdelinga vart alt ansvar for utvikling, forvaltning og drift av kommunale bygg samla. Vedlikehaldspersonell og reinhaldarar vart samla i denne avdelinga, som også fekk ansvar for eigedomsutvikling, nye byggeprosjekt mm.

Kulturavdelinga fekk tillagt ansvar for frivilligsentralen. Drift og vedlikehald knytt til storhallen vart overført til eigedomsavdelinga.

Teknisk avdeling vart konsentrert til forvaltningsoppgåver innanfor fagområda landbruk, miljø, byggsak, geodata og plan, drift av veg og grøntområde samt brann- og redningstenesta. Trafikktrygging ligg og til eininga.

Kommunalområdet står i nær kontakt med det kommunale næringsarbeidet og omstillingsprosjektet. Kommunalsjef er del av kommunalt næringsteam. Saman med ordføraren har ein vidareført open time i Skaparlinken. Tettstadprosjektet blir styrt av kommunalrådet.

Omorganiseringa innebar store endringar for ansvarsområda. Prosessen første halvår kravde tid og fokus. Dette gjekk på bekostning av dagleg drift og økonomikontroll. Igangsetting av ny struktur frå 1.august har vore krevjande. Både å dele opp, flytte og slå saman oppgåver og ansvar fører

med seg mange praktiske spørsmål som har kravd avklaringar og tilpassingar undervegs.

Økonomisk har det vore krevjande å etablere nye leiarstillingar innanfor eksisterande økonomiske rammer. Nytilsette i 3 av 4 leiarstillingar i løpet av året har i seg sjølv vore ei ein del av utfordringane med å bygge opp eitt nytt kommunalområde.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik
Budsjettområde	2023	2022	2023
KOMMUNALOMRÅDE SAMFUNN	69 593 340	32 399 200	-4 793 442

Samla overforbruk vart 4,79 mill. Sjå nærare om årsaker under kvar avdeling. Hovudprosjekt i 2024 er å tilpasse drifta til økonomiske rammer. Det betyr ei grundig vurdering av innteketer og utgifter. Driftsnivå må tilpassast budsjett. Alle avdelingane arbeider med dette inn i 2024.

Viktige aktivitetar i 2023

- Fullføring av ny Aure barneskule
- Opning av nytt bibliotek
- Opparbeiding av bibliotekparken påbyrja
- Ny tankbil i brannvernet.
- 2,15 millionar til Tettstadprosjektet
- Oppstart prosjektering nytt helsehus
- Fullført enøk-tiltak ved BUAS

4.3.1 Avdeling eigedom

Byggvedlikehald/ bygg og eigedom (ansvar 60240/60241)

Avdelinga omfattar leiar i delt stilling, driftsleiar/vaktmeister 1,0 årsverk, vaktmeistrar 2,0 årsverk og reinhaldarar 11,7 årsverk.

Samla bruksareal i 2023 var om lag 48.200 m². Dette inkluderer nye Aure barneskule (8000 m²) samt Vik (1991 m²), Aure (2355 m²) og Ullavik skule (2324 m²) som var i bruk mesteparten av fjoråret. Det inkluderer også Tandstad skule (1430 m²) og leigde areal.

Lokale/eigedomar:

- 2 barneskular (reduert frå 4 frå hausten 23 ved opning av ny Aure barneskule)
- Ungdomsskule og vaksenopplæring
- 3 barnehagar
- Sykkylven symjehall Aure
- Sykkylven bu- og aktivitetssenter
- Barne- og familietenestene
- Sykkylven legesenter (leigd)
- Psykisk helseteam (leigd)
- Bibliotekbygget/Skaparlinken
- Haugbukta dagsenter (leigd)
- Sykkylven brannstasjon
- Kommunehus/ servicetorg
- Sykkylven kulturhus
- Sykkylven storhall

Viktige innsatsområde og resultat:

- Nye Aure barneskule vart opna i 2023, eit stort fellesløft med innsats frå fleire einingar.
- Nytt bibliotek vart opna i 2023.
- Enøk-tiltak Buas vart fullført og gir viktige innsparingar på energiforbruk.
- Ny eigedomsavdeling har jobba raskt med å starte opp prosjektering av nytt helsehus i Uri-bygget, etter som kommunen fekk hand om areala.
- Etter omorganiseringa har ein jobba aktivt for meir samordna og rasjonell drift av bygningsmassen.
- Eininga er god på å utnytte tilskotsordningar frå NAV, Husbank, o.l.
- Rekneskap for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar viser eit meirforbruk for 2023.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik
Budsjettområde	2023	2022	2023
EIGEDOM	34 825 908	32 399 200	-2 426 808

Eigedom	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	29,5	56	5,8
2022	28,8	55	5
2023			8,6

Årsak til resultat:

Oppretting av ny avdeling har gitt auka oppdrag utan budsjettdekning. Til dømes vert reinhald og oppussing ved flytting av tenester gjerne planlagt utan at ein tek høgde for ekstrakostnader. Avdelinga kan ikkje ta på seg oppdrag utan budsjettdekning. Oppretting av ny stilling som avdelingsleiar innanfor eksisterande rammer var del av årsaka til det økonomiske resultatet. Tidlegare planar om dels prosjektfinansiering av stillinga vart ikkje gjennomført.

Høgt sjukefråvær skuldast ei langvarig sjukemelding, saman med få tilsette.

Reinhaldstenester

Organisering av reinhaldet i ei felles gruppe er med på å redusere vikarbruken ved sjukefråvær. Ved 1/3-del av bygningsarealet er det drift 52 veker i året. Her er det absolutt nødvendig med vikarbruk ved ferieavvikling. Reinhaldet er basert på prinsipp om behovsprøvd reinhald ut frå fastlagde kvalitetsmål.

Årleg hovudvask er prioritert for skular og barnehagar. Ved institusjonsrom og leilegheiter føreteik ein nedvask før nye flyttar inn. Ved administrasjonslokale og fellesareal i institusjonar vert det planlagt med nedvask kvart fjerde år.

Ein opplever i svært varierende grad forståing for at økonomi/ressursar til reinhald er så begrensa at det har konsekvens for frekvens og tidsbruk. Dette medfører frustrasjon blant brukarane og stor belastning for reinhaldarar og driftspersonell.

Vaktmeistertjenester og vedlikehald

Ut frå talet på bygg og disponibel ressurs har ein ikkje funne det tenleg å

ha faste personar på dei enkelte bygg. Einingane melder inn behov for tenester via e-postadressa vedlikehald@sykkylven.kommune.no. Denne ordninga har vore i drift i 10 år og fungerer godt. Brukarane er flinke til å skilje mellom hastesaker og andre saker. Innmelding via e-post gjer avdelinga i stand til å planlegge arbeidet og koordinere tiltak for å utnytte ressursane best mogleg.

Det vert gjennomført faste periodiske kontrollar av bygning, uteområde med leikeapparat, gjerde, portar m.m. Det føreligg faste avtalar for internkontroll/periodisk tilsyn med tekniske anlegg. Noko vert utført som eigenkontroll. Det er døgnbetjent vakttelefon. Dette er viktig ved akutte hendingar kveld og helg som krev rask handling.

Kommunen som eigar og utleigar av bygg skal oppfylle myndigheitskrav. Vår oppgåve vert å halde bygga i ein slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for tiltenkt bruk.

Utfordringar i år som føregåande år vert å halde bygga i ein slik stand at dei kan nyttast til tiltenkt bruk og oppfyller krav i lov og forskrift.

Utgifter til vedlikehald er om lag kr 60 pr m². Statsbygg si anbefaling til vedlikehald er kr 170 pr m². På dette samanlikningsgrunnlag brukar kommunen totalt kr 4,5 mill mindre enn anbefalt til vedlikehald. I budsjett var det ikkje kompensert for prisauke; det har vore tilsvarande i budsjett dei ti siste åra. Med kjøp av varer og tenester for 12 mill. er konsekvensen redusert nivå på drift og vedlikehald. Det er ikkje mogleg å effektivisere for slike beløp.

4.3.2 Avdeling tekniske tenester

Tekniske tenester består av 7 ulike fagområder; alle under kap. 1.6 i driftsbudsjettet, Plan (del av 60200), byggesak (60201), geodata (60202), miljø/viltstell (60210/60211), landbruk (60212), brann/redning (60231), og veg/anlegg/park (60260,60270) Eininga har totalt 12,5 tilsette (brannkorpset her ikkje medrekna).

I tillegg til arbeid innan driftsbudsjettet sitt kap. 1.6, nemnast arbeid innan investeringsdelen, for år 2023 særleg: ferdigstilling sentrumsskulen (ansvar 17002), oppstart Bibliotekparken (ansvar 10005), ny tankbil brannvesenet (ansvar 10102), fullføring enøk-tiltak BUAS (ansvar 19003), og nytt biblioteklokale (ansvar 19016).

Viktige innsatsområde og resultat:

- Kommunen leverer gode tenester på teknisk sitt ansvarsområde, held i stor grad sakshandsamingsfristar og yter god service.
- Kapasitet og kompetanse gir effektiv tenesteproduksjon, og sakshandsaming all hovudsak innanfor lovfesta tidsfristar.
- Brannkorpset har oppdatert utstyr og god beredskap.
- Organisasjonen held ein god beredskap for kriser ogulukker.
- Uteavdelinga har oppdatert utstyr og kan utføre fleire driftsoppgåver på eiga hand. Avdelinga held god standard på vegvedlikehald gjennom heile året.
- Avdelinga har mangla personell på miljøområdet i 2023.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik
Budsjettområde	2023	2022	2023
TEKNISKE TENESTER	26 922 800	28 315 090	-1 392 290

Tekniske tenester	Årsverk	Tilsette	Sjuefråvær i %
2021	29,5	56	5,8
2022	28,8	55	5
2023			1,3

Årsaker til resultatet

Det økonomiske resultatet skuldast i hovudsak overforbruk/ underbudsjettering på brann- og redningskorps på 1,3 millionar, kommunale vegar på 1,48 millionar, veglys 0,46 millionar og nyoppretta leiarstilling 0,32 mill. Noko av overforbruket vart retta opp av auka VAR-inntekter, gode gebyrinnteketer og ei vakant stilling på landbruk og miljø. Branntenesta har vore underbudsjettert, det har vore høgare kostnader til vegvedlikehald og brøyting. Høgare energiprisar førte til overforbruk på veglys.

Sjuefråvær i 2023 var 1,3%, ein markert nedgang frå 5% i 2022.



Figur 27 Tekniske tenester utfører kantslåt på Høgebøane.

Meir om tenesteområda:

Plan – samfunn (del av ansvar 60200):

I samband med omorganiseringa vart ansvar for samfunnsplanlegging løfta opp på leiarnivå, under kommunedirektøren sitt ansvar.

Rullering av Kommuneplan arealdelen starta opp og første planforslag vart lagt ut til høyring i 2023.

Kommunen deltek i eit interkommunalt prosjekt med Fjord og Stranda om felles plan for sjøområda. Prosjektet støytte på uføresette hindringar utanfor Sykkylven kommune sin kontroll, og nådde ikkje fullføring i løpet av 2023. Offentleg høyring av planforslag vert første kvartal 2024.

Eininga har vore involvert i ulike friluftsprosjekt, t.d. søknad om midlar til opparbeiding av badeplass på Sætre og parkering på Erstad, to tiltak støtta av Miljødirektoratet.

Plan er del av kommunen sitt næringsteam og deltek i forskjellige prosjekt og planprosessar i regi av SNU og av omstillingsprosjektet, t.d reiselivsprosjektet, kyststi, kaiområdet, mm.

Arealplan – reguleringsplan (del av ansvar 60200):

I 2023 har det vore 19 reguleringsprosessar på gang i Sykkylven. Det er reguleringsplanar innanfor varierte formål som har vore starta opp, vore i prosess eller er ferdig behandla. Kommunestyret eigengodkjente 5 ny planar.

Sjølv om det framleis er mange fritidsbustadplanar i prosess har det dei siste åra vorte fleire bustadplanar innanfor nær-sentrum-område som er tatt under regulering. Dette er truleg grunna i at kommunedelplanen frå 2019 la til rette for ein del nye området til bustad. Det er positivt at fleire av desse no verte regulerte og forhåpentlegvis tatt i bruk.

Eigengodkjente reguleringsplanar i 2023 legg til rette for potensielt 40 nye bueiningar i kommunen (47 i 2022).

Reguleringsplan for sjøfronten vart eigengodkjent og opnar for nytt forretningsbygg.

Av kommunale planar er Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes eigengodkjent, og Detaljregulering for Grebstadvegen er i prosess og blir eigengodkjent i løpet av 2024.

Byggesak (ansvar 60201):

Tabell 10 Innkomne byggesaker dei tre siste åra

Innkomne byggesaker:	2023	2022	2021
Byggesøknadar	65	91	98
Dispensasjonssøknadar	16	34	23
Midlertidig bruksløyve eller ferdigattest	85	76	61
Andre registrerte saker	53	68	52

Vi overheld saksbehandlingsfristen i 99 % av sakene, som er ei vesentleg auke frå 2022, då prosenten var 52.7% . Av dei som går over frist er det ein klar overvekt av «3-vekersfristsaker», og overskridingane er gjennomsnittleg mindre i talet på dagar enn året før.

Tilsyn var på same nivå som i 2022.

Rettleiing av brukarane vart fylgt opp etter behov/etterspurnad.

Utvikling og utfordringar: Ved utgangen av året vart dei fleste søknadar behandla godt innanfor lovpålagd frist. Vi har klart å auke innsatsen på andre områder som til dømes tilsyn og ulovlegheitsoppfølging, men det er framleis litt igjen til å få dette på eit forventa minimumsnivå.

Det vart fakturert saksbehandlingsgebyr for totalt kr 960 386, som er ei lita auke frå året før då det var kr 818 140. Kommunen mista totalt saksbehandlingsgebyr på grunn av overskriden frist på kr 7 210, ei vesentleg forbetring frå kr 146 053 i 2022.

Det er registrert til saman 3828 bustadar i kommunen (SSB 06265). I 2024 fordeler desse seg slik på ulike bustadtypar:

Einebustad:	71 %
Tomannsbustad:	9 %
Rekkehus:	11 %
Blokk/større bustadbygg:	5 %
Andre typar:	4 %

Det er registrert 718 fritidsbygg i kommunen pr 2024.

Geodata/oppmåling (ansvar 60202):

I 2023 vart det halde 49 oppmålingsforretningar (80 i 2022, 60 i 2021). Ut frå dette vart det oppretta 36 nye grunneigedomar. I tillegg vart det gjennomført 7 seksjoneringar og oppretta 49 nye eigarseksjonar.

I tillegg blir det jobba kontinuerleg med kvalitetsheving av opplysningar i matrikkelen. I hovudsak ajourføring og oppdatering av bygningsinformasjon samt fullstendigheit og kvalitet på grenselinjer. Vidare pågår kontinuerleg ajourhold av AR5 (gardskart) samt vegdatabasene FKB-veg og Elveg. (Veglenker for satelittnavigasjonssystem).

Miljø (ansvar 60210):

Som for år 2022 var området i 2023 prega av redusert ressursbruk. Mykje av arbeidet innan saksområdet har vore sterkt prega av dette. For 2024 er det funne ei løysing som vil kunne styrke innsatsen på feltet.

Landbruk (ansvar 60212):

Kommunen har ansvar for formidling og sakshandsaming av dei fleste økonomiske verkemidla i landbruket.

I 2023 betalte landbrukskontoret ut ca. 28,8 millionar kroner i statstilskot til landbruksnæringa i kommune. Dette omfattar ordningar som produksjonstilskot i landbruket, avløysartilskot ved ferie og fritid, avløysartilskot ved sjukdom, tilskot til drenering av jordbruksareal, tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket, tilskot til tiltak i beiteområde og regionale miljøtilskot. I tillegg kjem tilskotsordningane for skogbruket. Her vart det utbetalt om lag kr 1,1 millionar i 2023.

Bøndene får ein vesentleg del av inntektene sine gjennom overføringane frå jordbruksavtalen. Kommunen har ei sentral rolle i dette systemet, både for å forvalte ordningane, og ikkje minst for å kontrollere at opplysningane frå gardbrukarane er korrekte. Kontrollarbeidet har blitt ein viktig del av det totale oppdraget. Landbrukskontoret er inne i ein utfordrande situasjon med låg bemanning og redusert kapasitet til å følge opp alle arbeidsoppgåvene. Blant anna måtte ein redusere tilsynsaktiviteten i 2023 på grunn av for låg bemanning. Også ajourføring av AR5 (markslagskartet) og landbruksregisteret måtte nedprioriterast. Dette er svært uheldig då dette kan føre til feilutbetalingar. Kommunen er også førstelineteneste for Innovasjon Norge i landbrukssaker.

Kommunen har framleis utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg veterinærvakt. Det manglar per i dag ein veterinær for å få til ein 3- delt vaktordning. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for tilstrekkeleg tilgang på veterinærtenester og veterinærberedskap. Trass stor innsats har vi altså ikkje klart å finne ei løysing på dette så langt. Arbeidet med veterinærvakta har teke mykje tid.

Brann- og redning (ansvar60230/ 60231 /60232):

Brann-, rednings- og feieavdelinga har 0,3 årsverk som brannsjef/ leiar førebyggjande, 1,0 årsverk leiar beredskap og 1,0 årsverk som branninspektør/feiar. Utover dette er det 25 deltidstilsette (2,02 % stilling) i brannvernet.

- Opplæring førebyggjande brannvern 6.klasse vart utført til alle skular som ynskte opplæring (5 av 6).
- Det vart utført brannvernopplæring til kommunale avdelingar som flyktning, tilsette ved Velledalen Naturbarnehage og tilsette ved ungdomsskulen.
- Feiing utført i samsvar med mål.
- Utrykkingstid er i samsvar med forskriftskrav.

Tal på utrykkingar siste 6 år:

År	Tal på utrykkingar
2023	96
2022	69
2021	99
2020	95
2019	84
2018	69

Type utrykkingar	2022	2023
Unøydige utrykkingar	18	25
Brannar i bygg, båt, skog	7	8
Pipebrann		2
Bilbrann	2	2
Trafikkulykke	8	12
Bistand politi, redning	1	3
Bistand helse	12	24
Anna assistanse	16	19
Akutt forureining		1

Brannsyn

Det er ikkje kjøpt tenester til gjennomføring av brannsyn i 2023 og det har ikkje vore kapasitet til dette i eigen regi.

Ifølgje kommunen si brannordning skal det vere eitt årsverk som varabrannsjef/ leiar førebyggjande avdeling. Denne er det ikkje lønsmidlar til.

Feiing

Feiing vart utført i 437 bustader av dei 738 som fekk varsel.

Utstyr og materiell

Ny tankbil for sløkkjevatt kom på plass i 2023.

Det har blitt gjennomført service og kontroll av bilar. Pumpemateriell og røykdykkarutstyr er kontrollert. Personleg verneutstyr som har tidsavgrensa godkjenning er erstatta.

Utfordringar

Brannkorpset vert i aukande grad førsteledd i ulukker og kritiske situasjonar. Bistand til helse, t.d. bæring av eldre, er dobla sidan 2022. Vi

ser også auke i trafikkulukker og unødige utrykningar (feilvarslingar, matos, o.l.). Auka aktivitet utanom primæroppgåvene kan verte krevjande for korpset.

Lovverket set krav til gjennomføring av tilsyn i særskilte brannobjekt. Med tilgjengelege ressursar er det ikkje mogleg å oppfylle lovkrav.

Brann- og eksplosjonsvernlova legg opp til dimensjonering og organisering av brannvernet basert på grunnlag av vurdert risiko og sårbarheit. Det er gjennomført ROS-analyse. Nødvendige ressursar innan førebyggjande brannvern er ikkje på plass. Det skal brukast minimum 0,8 årsverk til brannførebyggjande arbeid. I budsjett 2023 vart det ikkje prioritert midlar til å oppfylle alle forskriftskrava.

Kommunale vegar og parkar (ansvar 60260, 60270):

Avdelinga har over tid lagt større vekt på å auke eigen del av vedlikehaldet. Dette er mogleg pga meir/forbetra utstyr, t.d. veghøvel, hjullastar (ny i 2023), gravemaskin og lastebil. Kvalitet og gjennomføring på kantklipp har vorte vesentleg forbetra. Vi har også forbetra eigenkontrollen på vinterstrøinga. Eige feieutstyr viser igjen på at sentrale vegar/plassar er vesentleg meir ryddige, enn slik det var før med utføring via innleige av operatør avgrensa til nokre dagar kvar vår.

God utstyrsark opnar og for auka grad av å utføre tiltak i eigen regi, i staden for kjøpte tenester, alt ut frå kapasitet.

Kommunen kjøper i all hovudsak tenester til stell av grøntareal.

Kostra-tal, netto driftsutgifter pr. km veg, viser at Sykkylven nytta litt mindre enn kommunane rundt oss, kr 155 202 per km veg, mot eit gjennomsnitt for Ålesund, Molde, Ørsta, Stranda, Sykkylven, Sula, Vestnes, Rauma, Volda viser kr 171 514 per km veg. Ørsta minst med kr 122 465, og Sula mest med kr 207 610. (Kostra 2022 – nyaste tal pr dato)

I høve budsjett, kan innsparingar kome ved å redusere standarden på vegvedlikehald og brøyting, redusert stell av grøntområde, og eventuelt noko ved nedlegging av kommunale vegar.

4.3.3 Avdeling kultur

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Biblioteket flytta inn i nye lokale våren 2023. Attraktiv utforming, plassering på gateplan og engasjert personale har gjort biblioteket til ein ny attraktiv møteplass. Det nye biblioteket er også tilgjengeleg for sjølvbetjening utanom vanleg opningstid kveld og helg. Samlokalisering med Skaparlinken og Frivilligsentral gir ein forsterka effekt til sentrumsaktivitet og opplevingar. Vi har fått eit nytt og profesjonelt bibliotek for framtida.



Figur 28 Bibliotekssjefen førebur dukketeater ved biblioteket

Kulturskulen flytta inn i nye gode lokale på Aure skule hausten 23. Skulen opplevde ein liten nedgang i elevtalet hausten 2023, etter at ein ved utgangen av 2023 var opp i 230 elevar, - det høgste noko gong. Likevel, kulturskulen er ein suksess og svært viktig for livskvalitet og attraktivitet.

Stillinga som fagleiar for idrett og folkehelse har stått vakant i 2023. Det var utfordrande og måtte løysast internt.

Kultur fekk overført ansvar for frivilligsentralen frå 1.august 23. Tidlegare frivilligkoordinator gjekk av for aldersgrensa ved utgangen av året. Stillinga vart lyst ut, då også tillagt folkehelseansvar.

Kinodrifta er framleis under nivået før pandemien. Både i 22 og 23 ligg billettinntekter omlag 240 000 under budsjett. Kiosksal ligg omlag på budsjett begge desse åra. Kulturhuset har hatt stort besøk, mange arrangement, møter og konserter, og har omtrent dubla billettinntektene i 2023, samanlikna med 2022. (847 000 i 23 mot 450 000 året før). Økonomien er på pluss-sida og stadig nye arrangement kjem inn. Kulturhuset er etterkvart godt utstyrt og har blitt ei av dei beste konsertscenene.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2023	2023	2023	2022
KULTUR	11 245 784	10 271 440	- 974 244	10 741 837
SUM	10 741 837	10 640 093	101 744	11 792 563

Kultur	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	10	23	2
2022	10,1	23	3,2
2023			1,0

Årsaker til resultatet

Overføring av Frivilligsentral til kultur, utan budsjettoverføring utgjer 1/3 av meirforbruket. Resten gjeld meirutgifter til flytting inn i nytt bibliotek (178 000), mindreinntekt kinodrift (324 000) og mindreinntekt elevkontingent kulturskuledrift (216 000).

Generelt er det god drift og eit dyktig personale som produserer viktige kulturtenester. Svingande besøk på kino og kulturarrangement er vanskeleg å føresjå. Det er utfordrande å kome tilbake til før-pandemi-nivå. Variasjonar i elevtal på kulturskulen vil også alltid variere noko. Her kan det vere mange årsaker. Svakare familieøkonomi i 23 kan spele inn.

Avdelinga hadde svært lågt sjukefråver i 2023.

Moglegheiter og utfordringar framover

Utfordringar framover blir å halde ei god drift innanfor dei budsjetttrammer som er sett. Fokus må bli på halde driftskostnader nede og skape gode inntekter. Dette gjeld både kino, kulturhus, idrettshall og symjehallane. Det må leggjast til rette for nye Enøk-tiltak. Kulturhuset og Sykkylven symjehall må prioriterast neste runde. Her er store innsparingar mogleg.

4.4 Stab

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik
Budsjettområde	2023	2023	2023
STAB	37 345 703	32 978 400	4 367 303

Det er ulike årsaker til at stab samla har eit meirforbruk gjennom 2023.

Dette gjeld alt frå turnover innan leiing, auka rekrutteringskostander og andre postar/område som gjeld fellesutgifter for heile kommunen.

Det kjem i tillegg til at det var lagt til ei effektivitetsinnsparing for heile organisasjonen på ca. 3 million som vart lagt på stabsområdet. Denne har ein ikkje funne grunnlag for gjennom 2023 i ei samla kommune, samstundes som ein er usikker på i kva grad omorganiseringa gjev økonomisk effekt på lengre sikt.

STAB	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2023	24,3 + 1 lærling	25	3,1

Stab vart etablert som nytt kommunalområde med felles leiing og budsjettansvar etter omorganiseringsprosjektet 2023. Stab var i drift frå 1. august 2023.

Stab inkluderer desse ansvara:

710	Fellestenestene, kommuneleiing, næring
703	Løn og personal
702	Økonomi

Føremålet med å samle STAB til eit område var:

- utvikle felles mål og samhandle der det gir synergjar for kvarandre
- spele på ulike fagkompetansar for å skape heilskaplege løysingar
- stab skal bidra inn i strategisk leiargruppe for å ha fokus på den heilskaplege styringa av å utvikle kommunen som tenesteleverandør, forvaltningsorgan og samfunnsutviklar
- unngå dobbeltarbeid



Figur 29 Tverrfagleg arbeid i stab

Stab leverer tenester som del av det strategiske arbeidet til kommuneleiing, meir sjølvstendig som fagområde, og mot innbyggjar/samfunn gjennom oppgåvene i servicetorget og på økonomi. Fakturering, informasjon og kommunikasjon, sakshandsaming næring og politikk er døme.

Økonomisjef og personalsjef er begge del av kommuneleiing og stabsovrådet.

Det har vore fleire endringar i stillingar gjennom 2023. Kommunedirektør slutta i stilling pr 01.10.23. Økonomisjef vart tilsett som ny kommunedirektør frå 06.11.23. Kommunalsjef oppvekst gjekk av med pensjon. Stabssjef var ny stilling i den nye organiseringa, einingsleiar Fellestenestene fall då bort. IKT leiar gjekk over i anna stilling og det har vist seg å vere vanskeleg å rekruttere ny. IT avdelinga har likevel fungert godt driftsmessig. Det har ikkje lukkast å tilsette ny økonomisjef, samt IKT leiar pr mars 2024. Rekrutteringsarbeidet held fram.

Viktige innsatsområde i 2023

Digitalisering av arbeidsprosessar har stått i hovudfokus innan alle fagområda.

Det vert utarbeidd digitale skjema som automatiserer også arbeidet internt i organisasjonen Det er fokus på å fjerne mellomledd i rekrutteringsarbeidet og faktureringsarbeidet for å optimalisere utnytting av systema vi har innan HR, økonomi/fakturering. Likeså med automatisering av tilgangsstyringa mellom HR/lønn og IT.

Fleire system er oppgradert og flytta til nye skyløysingar. Nye kjem til i 2024. Endra arbeidsprosessar gjer at vi kan gjennomføre oppgåvene med den bemanninga vi har. Omorganisering og endringar i struktur gjer at fleire tenester i stab får ein del meirarbeid med ombygging av struktur i

system og ikkje minst ivaretaking av historiske data på det som var. For innbyggjar gjer digitalisering at det er mindre behov for personleg kontakt og oppmøte. Innbyggjar får gjennomføre oppgåva si heime og sendt førespurnaden sin direkte til oss. Det opplev vi med færre besøk, og mindre telefonkontakt i Servicetorget. Slik kan vi utnytte ressursane til andre oppgåver.

Innsynskrav

Det er auke i personar som vil ha innsyn i elevmapper, helsetenester og andre historiske data vi tar vare på. Arbeidsprosessen kan vere tidkrevjande.

Næringssaker:

Det vart gitt 25 skjenkeløyver (enkelthøve) og 3 serveringsløyver i 2023.

Kommunikasjon/informasjon:

Vi har som kommune eit potensiale innan dette fagfeltet. Stab har fått hovudansvar for å jobbe meir målretta her. Vi er i startfasen, og ser at det både er tidkrevjande og interessant.

Digitale flater har heile vegen ei auke i besøkstala. Heimeside og sosiale medier er viktige kanalar. Vi er på Facebook (ca. 2900 følgjarar) og Instagram (ca. 1100 følgjarar). KommuneTV gir innsyn i politikk og har eit snitt på omlag 400 personar som er innom kvar sending.

Universell utforming på nett:

I 2023 kom det nye krav om tilgjengelegheitserklæringar på informasjon vi publiserer på nettsidene våre. Dette er eit omfattande og kontinuerleg arbeid også i ettertid.


Vigslar:

Vi bistår ordførar/kommunedirektør i arbeidet. I 2023 var det ein auke frå 6 til 8 borgarlege vigslar.

Moglegheiter og utfordringar framover

Kultur og organisasjon må byggast når nye avdelingar skal jobbe saman. Vi har hatt ha fokus på forventningar og avklaringar internt mellom tenestemråda. Det er eit stykke arbeid igjen, men vi jobbar målretta. I 2024 skal vi fortsette med det.

Vi har moglegheiter og utfordringar når det kjem til informasjon og kommunikasjon. Kva skal vi fortelje og kvar skal vi fortelje det? Bli meir synleg for innbygarane våre og samfunnet elles. Det er ressurskrevjande og bevisstgjerande både for stab, og organisasjonen elles.



Vi har fokus på at vi er **ein kommune, ein arbeidsgivar og ein oppdragsgivar.**

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/24	Sykkylven kontrollutval	02.05.2024

Rapport frå revisor etter årsoppgjer 2023 Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin årsoppgjersrapport 2023 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalet. Dette gjer revisor mellom anna gjennom ein årsoppgjersrapport. Årsoppgjersrapport 2023 for Sykkylven kommune ligg ved her.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- årsrekneskapa til kommunen blir reviderte på ein forsvarleg måte.
- rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksar frå kontrollutvalet og i tråd med avtaler med revisor.
- rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller fulgt opp. Viss påpeikingane ikkje blir retta eller fulgt opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak. Denne uttalen er eiga sak i Sykkylven kontrollutval sitt møte 02.05.2024.

Møre og Romsdal revisjon SA har avslutta revisjonsarbeidet av årsrekneskapet 2023 til Sykkylven kommune og levert ein årsoppgjersrapport.

Revisor har gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald som ligg ved saka om kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret.

Vurdering:

I revisor sin årsoppgjersrapport 2023, pekar revisor på forhold til forbetring og læring, og på nokre listeførte feil som ikkje er retta. Desse forholda er likevel ikkje så vesentlege at revisor fann grunn til å ta atterhald i revisjonsmeldinga.

Revisor sine funn og tilrådingar i årsoppgjersrapporten er Informasjon som kontrollutvalet bør kjenne til. Funna og tilrådingane er gjort kjent for kommunedirektøren, og dei kan vere ei hjelp til forbetring og læring inn i nytt rekneskapsår.

Revisor er til stades i møtet 02.05.2024 og kan orientere kontrollutvalet om revisjonsarbeidet knytt til årsoppgjeret og om dei funna og tilrådingane som revisor gjev i rapporten.

Kontrollutvalet kan merke seg at tilrådinga revisor gjev på salgsområdet er den same tilrådinga som vart gjeven i årsoppgjersrapporten 2021. Vidare er tilrådinga om å forbetre rutiner og dokumentasjon ved særattestasjonar eit punkt som revisor hadde med i sin årsoppgjersrapport begge dei to foregåande åra.

Ut over det så kan ikkje sekretariatet sjå at her er andre tilrådingar og feil som revisor har tatt med i tidlegare årsoppgjersrapportar. Det er positivt og tyder på at dei er godt følgt opp av kommunedirektøren.

Det kan vere nyttig for kontrollutvalet å gjere seg kjent med om revisor følgjer opp funna og tilrådingane i sin faglege dialog med kommunedirektøren gjennom revisjonsarbeidet i nytt rekneskapsår. Spesielt med tanke på tilrådingar som går igjen over fleire år.

Kontrollutvalet er kjent med at kommunen ikkje har fått tilsett økonomisjef etter at forrige økonomisjef først vart konstituert, og så tilsett som kommunedirektør. I kva grad revisor og kommunedirektør opplever at dette påverkar kvaliteten på årsoppgjersarbeidet, kan kanskje vere interessant for kontrollutvalet å spørje om i møtet.

Det er opp til kontrollutvalet si vurdering om utvalet ynskjer å informere kommunestyret om funna og tilrådingane frå revisor. Det bør då kome fram av vedtaket i denne saka.

Sekretariatet legg til grunn at revisjonen følgjer opp funna ut frå sin faglege ståstad, i lag med kommunedirektøren sitt gode arbeid med forbetring og læring. Derfor tilrår sekretariatet kontrollutvalet å ta informasjonen frå revisor til vitande.

Lovheimel:

- Kommunelova § 24-7 til § 24-9: Revisjon
- Kommunelova § 14-3: Behandling av årsregnskap og årsberetning
- Forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 2: Krav ved egen revisjon, valg og bytte av revisor
- Forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 3: Krav til revisor og revisors medarbeidere

Vedlegg

Revisor sin rapport etter årsoppgjøret 2023 - Sykkylven kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA



REGNSKAPSREVISJON

Sykkylven kommune

Årsoppgjør rapport 2023

Endelig rapport

APRIL 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidligere rapporter fra Møre og Romsdal Revisjon SA kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrrevisjon.no

INNHOOLD

1	INNLEDNING	2
2	ÅRSOPPGJØRSREVISJON	2
2.1	Rapportens innhold	3
3	REVISJONSBERETNING	3
4	ÅRSREGNSKAPET	3
4.1	Finansielle stilling	4
5	SKRIFTLIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR (KOML. § 24-7).....	4
6	REVISJONSTILNÆRMING.....	6
6.1	Regnskapsrapportering.....	6
6.2	Salgsområdet	7
6.3	Innkjøps/kostnadsområdet	8
6.4	Driftsmidler/investeringer	9
6.5	Lønnsområdet	10
6.6	Overføringsområdet.....	11
6.7	Finansområdet	12
7	FUNN VED REVISJONEN OG OPPSUMMERING	13
7.1	Listeførte feil	13
7.2	Funn og anbefalinger fra områdene	13
7.3	Oppsummert.....	15
8	ATTESTASJONER OG SÆRATTESTASJONER I 2023.....	15

1 INNLEDNING

Formålet med regnskapsrevisjon i kommuner er å gjøre revisor i stand til å avgi en uttalelse om hvorvidt kommunens årsregnskap i det alt vesentlige er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Vår revisjon av årsregnskapet skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis fra administrasjonen til kommunestyret og øvrige brukere av årsregnskapet. Revisjonen skal også medvirke til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Regnskapsrevisjon i kommunal sektor er nærmere regulert i kommunelovens kapittel 24.

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov – herunder forenklet etterlevelseskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

I samsvar med kommuneloven og gjeldende revisjonsstandarder vil revisor avgi revisjonsberetning til årsregnskapet til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget.

2 ÅRSOPPGJØRSREVISJON

Årsoppgjørrevisjon er revisjon av kommunens og eventuelle foretaks regnskap og økonomiske situasjon ved utgangen av et regnskapsår.

Formålet med årsoppgjørrevisjon er å sikre at kommunens lovpålagte regnskapsskjema oppfyller gjeldende lovkrav og at årsregnskapet gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember i regnskapsåret, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen er i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

I tillegg er det revisors oppgave å lese årsberetningen og annen øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen, annen øvrig informasjon og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen og annen øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen eller annen øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Revisor skal også påse at årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Ferdigstilt årsoppgjør rapporteres til kontrollutvalget for å gi kontrollutvalget trygghet for at revisjonen er gjennomført i tråd med lover og retningslinjer, og å sikre at kontrollutvalget blir informert om eventuelle viktige forhold som kan bli avdekket gjennom revisjonen.

2.1 RAPPORTENS INNHOLD

Ifølge kommunelovens §24-2, 3.ledd skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

Denne rapporten er utarbeidet for å forklare vår revisjon av årsregnskapet noe mer detaljert enn det som fremkommer av revisjonsberetningen. Rapporteringen tar utgangspunkt i dokumentet «Overordnet revisjonsstrategi – revisjonsplan», som tidligere er lagt frem for kontrollutvalget og angir revisors fokusområder for regnskapsåret 2023.

3 REVISJONSBERETNING

Revisjonsberetningen er datert 15. april 2024 og er en normalberetning. Det innebærer at revisjonen ikke har avdekket eller påvist vesentlige feil eller mangler i kommunens rapportering som krever forbehold eller presiseringer i revisjonsberetningen.

4 ÅRSREGNSKAPET

Årsregnskapet er avlagt innen lovens frist, og inneholdt alle pliktige oversikter og noter iht forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner. Vi har ikke avdekket vesentlige feil eller mangler med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Driftsregnskapet er avlagt med et netto driftsresultat på kr 11 779 434, i fjor utgjorde dette 15 421 554. Årets avsetning til disposjonsfond utgjør kr 9 112 511.

I regulert budsjett var netto driftsresultat beregnet til kr 11 253 145, og det er dermed en forbedring på kr 526 289.

Investeringsregnskapet viser investeringsutgifter på kr 171 226 262 mot budsjettet kr 197 676 000. Investeringsinntekter utgjør kr 168 138 069, av dette er bruk av lån kr 137 486 495.

Balansen gir informasjon om kommunens eiendeler, gjeld og egenkapital. Det er derfor viktig at denne til enhver tid viser mest mulig riktige verdier. Vi har kontrollert at administrasjonen har foretatt en gjennomgang av balansepostene iht. bokføringslovens krav til dokumentasjon. Dette er oppsummert per område under avsnittet revisjonstilnærming – årsoppgjør.

Årsberetningen ble fremlagt innen lovens frist. Vi har kontrollert at regnskapstallene i årsberetningen er konsistente med det avlagte årsregnskapet og at årsberetningen inneholder alle pliktige opplysninger i henhold til kommuneloven §14-7. Årsberetningen gir etter vår mening en god beskrivelse av den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune og inneholder pliktige opplysninger.

4.1 FINANSIELLE STILLING

Kommunene skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid. Som et ledd i dette må alle kommuner vedta finansielle måltall. Dette fungerer som et verktøy for langsiktig styring av kommunens økonomi.

Gjeldende måltall for Sykkylven kommune er

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjøre minimum 1,75% av brutto driftsinntekter
 - a. For Sykkylven kommune utgjør dette 1,7% pr 31.12.2023 og er en nedgang på 0,6% fra fjoråret
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjøre 10% av brutto driftsinntekter
 - a. For Sykkylven kommune utgjør dette 6,6% pr 31.12 2023 og er en økning på 0,8% fra fjoråret
